



2014 -  
2017

# HEMSEDAL KOMMUNE



HANDLINGS  
PROGRAM

## INNHold

INNHold .....	2
1 Innleiing .....	4
2 FORSLAG TIL VEDTAK.....	5
3 HOVUDOVERSIKT DRIFT OG INVESTERING.....	6
4 BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN .....	10
5 Eigedomsskatt .....	13
6 FOKUSOMRÅDE BEFOLKNING, NÆRING OG SAMFUNN .....	16
6.1 Mål for samfunn og næring.....	16
6.2 Mål for befolkning og folkehelse.....	18
6.3 Ålmenn kultur.....	19
7 FOKUSOMRÅDE ARBEIDSGJEVARSTRATEGI .....	20
7.1 Mål for arbeidsgjevar .....	20
8 TENESTEOMRÅDE OPPVEKST .....	21
8.1 Overordna mål for sektoren.....	21
8.2 Barnehagane i Hemsedal.....	21
8.3 Grunnskulen i Hemsedal .....	23
8.4 Vaksenopplæringa.....	25
8.5 Hemsedal folkebibliotek.....	25
8.6 Hemsedal musikk- og kulturskule .....	27
8.7 Ungdomsklubben .....	28
8.8 Hemsedal Ungdomsråd.....	28
9 TENESTEOMRÅDE HELSE OG OMSORG .....	29
9.1 Sentrale utfordringar for etaten.....	29
9.2 Felles mål for etaten.....	31
9.3 Arbeidsmål for dei ulike fagområda.....	32
9.4 Utvida KOSTRA- tal for 2012.....	36
10 TENESTEOMRÅDE TEKNISK.....	38
10.1 Sentrale utfordringar for etaten.....	38
10.2 Mål for tekniske tenester (Plan-, byggesak, kart- og oppmåling) .....	44
10.3 Mål for Miljø.....	45
10.4 Mål for landbruk, utmark og næring.....	46

10.5	Mål teknisk drift (veg, vatn, renovasjon og slam) .....	46
10.6	Gebyrutvikling for vann, avløp, renovasjon og slam 2014 .....	50
11	TENESTEOMRÅDE SENTRALADMINISTRASJON .....	51
11.1	Eigedom.....	51
12	INTERKOMMUNALE SAMARBEIDSORGAN .....	52
13	VEDLEGG DRIFT OG INVESTERINGSBUDSJETTET.....	53
14	GEBYR OG KOMMUNALE AVGIFTER.....	55
14.1	Slangebyr.....	55
14.2	Renovasjon, vatn- og avløpsgebyr.....	55
14.3	Gebyr for kart- og oppmålingstenester (Matrikkellova) .....	58
14.4	Gebyr for plan- og byggesaksbehandling .....	60
14.5	Gebyr etter forureningslova.....	62
14.6	Gebyr for andre tenester hjå teknisk etat.....	62
14.7	Brukarbetaling – Helse- og omsorg.....	63
14.8	Brukarbetaling – Oppvekst.....	66
14.9	Vedlegg – Forskrift for tekniske tenester .....	66

## 1 Innleiing

Dei økonomiske rammene for Handlingsprogrammet 2014 – 2017 bygger på rammene for budsjett- og økonomiplan 2013 – 2016 og endringar vedteke i budsjettrevisjon 10. juni 2013. Handlingsprogrammet bygger vidare på Kommuneproposisjonen 2014, Revidert Nasjonalbudsjett 2013 og framlegg til Statsbudsjett 2014.

Kommunesektoren har store utfordringar knytt til mellom anna auk gjeldsvekst, auka pensjonskostnader, endring i føring av meirverdiavgiftskompensasjon, og finansiering av statlige lovpålegg og reformer.

Hemsedal kommune har også ein svakare inntektsvekst i 2014 enn andre kommunar. Dette gjeld fyrst og fremst rammetilskot frå staten, men også refusjonar og bruk av fond frå øyremerka midlar.

Som eit utgangspunkt bør kommunen legge til rette for økonomisk handlingsrom ved å drifte etter handlingsregler. For drift bør netto driftsresultat vera minimum 3 % av brutto omsetning. For investering bør ikkje lånegjelda knytt til ordinære anleggsmidlar auke meir enn auken i frie inntekter og økonomisk bæreevne.

Det framlagte budsjettet viser eit netto driftsresultat på ca. kr. 3,5 mill. Dette er kr. 2 mill. mindre enn handlingsregel for drift tilseier. Ein av desse millionane kan tilskrivast den sterke satsinga på bustadutvikling.

Økonomien til kommunen blir ytterlegare svekka i fireårsperioden. Det vil derfor vera eit behov for å tilpasse tenesteproduksjon til kommunens økonomiske bereevne. Ei sentral utfordring vil bli å effektivisere og vidareutvikle tenestetilbodet gjennom kontinuerlege innovasjonsprosessar.

Handlingsprogrammet vidarefører kommunen sin fokus på:

- Førebygging og tidleg innsats
- God og heilskapleg samhandling
- God kvalitet
- Nødvendig kompetanse

Økonomiutvalet sitt framlegg til vedtak gir anbefaling på driftsrammer og tenesteutvikling for 2014 – 2017. Ved handsaming i kommunestyret 5. desember er det kommunestyrets prioriteringar og vedtak som blir førande for kommunen sine rammer for 2014 – 2017.

Sveinung Halbjørhus  
rådmann

## 2 FORSLAG TIL VEDTAK

### 1. Årsbudsjett 2014 og økonomiplan 2015 – 2017

Driftsbudsjettet blir vedteke i tråd med Hovudoversikt drift 1A. Rammene blir fordelt til etatane i tråd med oversikt i kapitel 3. Rådmannen blir gitt fullmakt til å avgjere bruk av meirinntekter som kan knytast til beslekta meirutgifter som td. refusjon sjukepengar.

Investeringsbudsjettet blir vedteke i tråd med Hovudoversikt investering 2A. Investeringsbudsjettet blir fordelt på ulike prosjekter i tråd med oversikt investeringsbudsjett pr. prosjekt 2014 – 2017 i kapitel 3. Rådmann blir gitt fullmakt til å setja i gang kurante investeringsprosjekt utan oppstartsvedtak.

### 2. Låneopptak

Kommunestyret godkjenner låneopptak for 2014 på kr. 12 mill. for å finansiere ny netto bevillingar til investeringar. Det er lagt til grunn at kommunen har kr. 5 mill. i unytta lånemidlar ved årsskiftet 2013 – 2014.

Kommunestyret godkjenner inntil kr. 2 mill. i låneopptak i Husbanken til vidareformidling av startlån.

Rådmannen blir gitt fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkår for de nemnte lånerammer.

Rådmannen blir gitt fullmakt til å refinansiere langsiktig lån i Kommunekreditt og godkjenne nye lånevilkår.

### 3. Utlíkna skatt

Skatt på inntekt og formue vert utlíkna i samsvar med dei maksimalsatsar Stortinget vedtek.

### 4. Eigedomsskatt

Eigedomsskatt vert utskrivi for verk og bruk etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c, med 7 promille av takstverdi gjeldane frå 1. januar 2014. Terminar for forfall vert sett til 1. april og 1. september.

### 5. Kommunale betalingsatsar og gebyr frå 1. januar 2014

Gebyr, avgifter og betalingsatsar for Hemsedal kommune vedtas slik det går fram av kapitel 14.

6. Seniorpolitikk i Hemsedal kommune vedteken i kommunestyret den 8.12.2011, sak 152/11 – gjeldande frå 1.1.2012, vert avvikla.

7. Kommunestyret presiserer at Budsjettet for 2014 er veldig stramt og krev sterk styring og det er ikkje rom for nye tiltak. Kommunestyret ber om at det vert greia ut ytterlegare innsparingar med heilårsverknad i 2015 på kr. 2,5 mill. fram til rammer for 2015 vert vedteke i juni.

8. Avvikling av barnehageavdelingane på Skadvin vert gjennomført frå 1/8 2014. Kommunestyret ber om ei sak til februar møtet, der ein synleggjera korleis dette skal gjennomførast. Flytte barnehageborna til Tuv eller Ulsåk , og/eller flytte 3 og 4 klasse på Tuv til Ulsåk.
9. Kommunestyret ber om at det vert arbeidd vidare mot interkommunale selskap som i dag har ein større vekst i budsjetta enn kommunen har økonomi til.
10. Kommunestyret tek ikkje stilling til utviding av utskrivingsalternativ for eigedomsskatt på dette tidspunkt. Kommunestyret ber om ei sak der dette vert sett på saman med framtidig skule- og barnehagestruktur og eventuelle endringar i inntektssystemet. ( Ap, Sp, Krf, Frp, H, H, H)
11. Hemsedal kommune skal innan utgangen 2014 vurdere innføring av eigedomsskatt, jf. eigedomskattelova § 3. Vurderinga skal innehalde ei analyse av dei ulike utskrivingsalternativa, kva inntekt dei vil gi og konsekvensar for næringsliv, fastbuande og hytteeigarar. Vidare skal analysen synleggjere kostnader ved ei eventuell innføring. Endeleg vedtak om eventuelt å innføre eigedomsskatt skal baserast på denne analysen sett i samanheng med vurdering av skulestruktur og kommunen sin totaløkonomi. (Sv)

### 3 HOVUDOVERSIKT DRIFT OG INVESTERING

BUDSJETT PR. ETAT	Regnskap 2012	Buds(end) 2013	Budsjett 2014/V:561	Budsjett 2015/V:561	Budsjett 2016/V:561	Budsjett 2017/V:561
10 Sentraladm						
Utgifter	47 179 118	47 097 000	44 370 080	43 488 080	42 926 080	43 846 080
Inntekter	-155 266 454	-161 419 000	-166 656 210	-164 721 210	-164 451 210	-164 571 210
<b>10 Sentraladm</b>	<b>-108 087 336</b>	<b>-114 322 000</b>	<b>-122 286 130</b>	<b>-121 233 130</b>	<b>-121 525 130</b>	<b>-120 725 130</b>
20 Kultur og oppvekst						
Utgifter	59 408 135	56 342 000	58 061 592	58 059 592	58 059 592	58 059 592
Inntekter	-11 756 303	-7 720 000	-7 128 150	-7 128 150	-7 128 150	-7 128 150
<b>20 Kultur og oppvekst</b>	<b>47 651 832</b>	<b>48 622 000</b>	<b>50 933 442</b>	<b>50 931 442</b>	<b>50 931 442</b>	<b>50 931 442</b>
30 Helse og omsorg						
Utgifter	59 093 334	60 622 000	64 671 731	64 362 540	64 362 540	64 362 540
Inntekter	-10 474 633	-11 738 000	-11 052 400	-10 843 900	-10 843 900	-10 843 900
<b>30 Helse og omsorg</b>	<b>48 618 700</b>	<b>48 884 000</b>	<b>53 619 331</b>	<b>53 518 640</b>	<b>53 518 640</b>	<b>53 518 640</b>
40 Teknisk						
Utgifter	46 353 277	45 230 000	48 289 898	48 286 898	47 918 898	48 546 898
Inntekter	-34 536 473	-28 414 000	-32 530 722	-32 319 822	-32 470 822	-32 319 822
<b>40 Teknisk</b>	<b>11 816 804</b>	<b>16 816 000</b>	<b>15 759 176</b>	<b>15 967 076</b>	<b>15 448 076</b>	<b>16 227 076</b>
<b>TOTALT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-1 974 181</b>	<b>-815 972</b>	<b>-1 626 972</b>	<b>-47 972</b>

Hovudoversikt Drift Økonomiplan 2014 - 2017	R 2012	B 2013	B 2014	B 2015	B 2016	B 2017
Driftsinntekter						
Brukerbetalinger	7 422	6 912	7 356	7 577	7 577	7 577
Andre salgs- og leieinntekter	24 390	22 192	25 338	25 217	25 217	25 217
Overføringer med krav til motytelse	19 202	17 003	15 946	13 723	13 453	13 573
Rammetilskudd	54 605	67 500	69 900	69 900	69 900	69 900
Andre statlige overføringer	6 091	4 166	5 041	5 041	5 041	5 041
Andre overføringer	50	24	24	24	24	24
Skatt på inntekt og formue	55 826	57 000	58 000	58 000	58 000	58 000
Eiendomsskatt	11 353	9 500	10 000	10 000	10 000	10 000
Andre direkte og indirekte skatter	2 487	2 484	2 754	2 754	2 754	2 754
Sum driftsinntekter	181 427	186 781	194 358	192 235	191 965	192 085
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	96 712	96 437	99 827	99 985	99 985	99 985
Sosiale utgifter	20 872	19 350	20 874	20 903	20 903	20 903
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	24 445	25 082	25 669	25 260	25 262	25 312
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	23 963	28 432	31 762	31 391	30 891	30 891
Overføringer	14 292	13 551	12 875	12 782	12 282	12 282
Avskrivninger	9 291	8 478	8 648	8 648	8 648	8 648
Fordeelte utgifter	-64	0	0	0	0	0
Sum driftsutgifter	189 511	191 330	199 654	198 970	197 972	198 022
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-8 084</b>	<b>-4 549</b>	<b>-5 296</b>	<b>-6 735</b>	<b>-6 007</b>	<b>-5 937</b>
Finansinntekter						
Renteinntekter og utbytte	11 196	9 413	9 463	9 463	9 463	9 463
Mottatte avdrag på utlån	9	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter	11 205	9 413	9 463	9 463	9 463	9 463
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostninger	3 099	3 715	3 983	4 678	5 236	5 852
Avdrag på lån	6 263	4 950	5 307	5 665	5 815	5 999
Utlån	12	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	9 374	8 665	9 290	10 343	11 051	11 851
Resultat eksterne finanstransaksjoner	1 831	748	173	-880	-1 588	-2 388
Motpost avskrivninger	9 291	8 478	8 648	8 648	8 648	8 648
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>3 037</b>	<b>4 677</b>	<b>3 525</b>	<b>1 032</b>	<b>1 052</b>	<b>322</b>
Interne finanstransaksjoner						
Bruk av disposisjonsfond	3 423	0	0	0	0	0
Bruk av bundne fond	6 623	4 619	4 899	4 668	4 819	4 668
Sum bruk av avsetninger	10 047	4 619	4 899	4 668	4 819	4 668
Overført til investeringsregnskapet	446	2 000	2 745	810	540	660
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	3 554	0	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0
Avsatt til bundne fond	4 869	3 984	3 704	4 074	3 704	4 282
Sum avsetninger	8 870	5 984	6 449	4 884	4 244	4 942
<b>Regnskapsmessig mindreforbruk</b>	<b>4 215</b>	<b>3 312</b>	<b>1 974</b>	<b>816</b>	<b>1 627</b>	<b>48</b>

<b>Budsjettskjema 1A - drift</b>	R 2012	B 2013	B 2014	B 2015	B 2016	B 2017
<b>Økonomiplan 2014 - 2017</b>						
Skatt på inntekt og formue	55 826	57 000	58 000	58 000	58 000	58 000
Ordinært rammetilskudd	54 605	67 500	69 900	69 900	69 900	69 900
Skatt på eiendom	11 353	9 500	10 000	10 000	10 000	10 000
Andre direkte eller indirekte skatter	2 487	2 484	2 754	2 754	2 754	2 754
Andre generelle statstilskudd	6 091	4 166	5 041	5 041	5 041	5 041
Sum frie disponible inntekter	130 363	140 650	145 695	145 695	145 695	145 695
Renteinntekter og utbytte	11 196	9 413	9 463	9 463	9 463	9 463
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsm	0	0	0	0	0	0
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	3 099	3 715	3 983	4 678	5 236	5 852
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidle	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	6 263	4 950	5 307	5 665	5 815	5 999
Netto finansinnt./utg.	1 834	748	173	-880	-1 588	-2 388
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbr	3 554	0	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger	0	0	0	0	0	0
Til bundne avsetninger	4 869	3 984	3 704	4 074	3 704	4 282
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	3 423	0	0	0	0	0
Bruk av bundne avsetninger	6 623	4 619	4 899	4 668	4 819	4 668
Netto avsetninger	1 624	635	1 195	594	1 115	386
Overført til investeringsbudsjettet	446	2 000	2 745	810	540	660
Til fordeling drift	133 374	140 033	144 317	144 599	144 682	143 033
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	133 374	140 033	144 317	144 599	144 682	143 033
Mer/mindreforbruk	0	0	0	0	0	0
<b>Budsjettskjema 2A - investering</b>						
Investeringer i anleggsmidler	27 822	23 447	24 403	18 220	12 470	16 420
Utlån og forskutteringer	2 530	1 316	330	330	330	330
Avdrag på lån	128	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket	4 223	0	0	0	0	0
Avsetninger	8 755	8 531	7 978	10 165	10 000	9 124
Årets finansieringsbehov	43 457	33 294	32 711	28 715	22 800	25 874
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidler	29 547	16 476	16 446	8 050	3 000	6 950
Inntekter fra salg av anleggsmidler	7 243	2 700	3 800	5 180	2 880	3 680
Tilskudd til investeringer	50	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	718	3 831	1 433	4 175	6 580	4 784
Andre inntekter	0	0	0	0	0	0
Sum eksternt finansiering	37 559	23 007	21 679	17 405	12 460	15 414
Overført fra driftsbudsjettet	446	2 000	2 745	810	540	660
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	5 282	8 287	8 287	10 500	9 800	9 800
Sum finansiering	43 287	33 294	32 711	28 715	22 800	25 874
Udekket/udisponert	-171	0	0	0	0	0



Investeringsbudsjettet er presentert i faste 2014 prisar og er kategorisert i ordinære anleggsmidler, VAR-området og bustadutvikling. I gruppa ordinære anleggsmidler er prisane oppgitt inklusiv mva, medan i dei to andre gruppene er prisane oppgitt utan mva.

Prosjektnavn - Investeringsbudsjett 2014 - 2017	2014-2017	2014	2015	2016	2017
IKT Hallingdal - Hemsedal kommune sin andel	1 480 000	370 000	370 000	370 000	370 000
Eigenkapitalinnskot KLP	1 320 000	330 000	330 000	330 000	330 000
Tiltak Trafikktryggleiksplan	400 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Fløgovegen	500 000	0	500 000	0	
Asfalt Svøvegen	500 000	0		500 000	
Ny Thorsetbru - v/ Fanitullen	3 125 000	3 125 000			
Energimerking av bygg - lovpålagt tiltak	350 000	0	350 000	0	0
Omløpsflyfotografering kart	200 000	0	200 000		
Hustadvegen	1 500 000	0	500 000	1 000 000	
Oppgradering av utleigebustader - standardheving	600 000	200 000	200 000	200 000	
Tekniske anlegg garderbebygget - ventilasjon	750 000	0	0		750 000
Nytt røntgenutstyr / nødnett - legekantoret	450 000	450 000			
Asfalt Grøndalsvegen + oppgradering av grøfter og stikkrenner	500 000	0	0		500 000
Tekniske anlegg Hugnadheim - Ventilasjon/ Elektro - tekn.	750 000	0	0		750 000
Utvidelse/ etablering av Kyrkjegården	1 900 000	400 000	1 500 000		
Kultursalen - budsjetterte spelemidler på kr. 3 mill	7 800 000	7 800 000			
Temaplan - prosjektering av areal/ bygg for helse/ omsorg og oppvekst	500 000	0		0	500 000
Vaktmesterbil	350 000	350 000		0	
Hugnadheim - oppgradering av Ungd.klubben	300 000	300 000	0		
VVS beredere (Gardrobebygg og Ulsåkk)	200 000	0		200 000	
Tineapparat - investering for eigenbruk og utleie	300 000	300 000			
<b>Sum ordinære anleggsmidler</b>	<b>23 775 000</b>	<b>13 725 000</b>	<b>4 050 000</b>	<b>2 700 000</b>	<b>3 300 000</b>
Rehabilitering av ledningsnett (Ulsåkk)	5 500 000	500 000	0	1 000 000	4 000 000
Sikring av Krikken vannverk - opprydding av areal omkring	300 000	300 000			
Ny Vassledning - Alstveit HB-Svø - sikre vassforsyningslinje Svø	4 000 000	300 000	3 700 000		
Veg og vatn og avlaup, Haugavegen, Tunvegen og Trøimsvegen	6 000 000	0	500 000	4 500 000	1 000 000
Utjamning Trøim Renseanlegg- ny innløpsløsning - kapasitetsøkn	2 300 000		1 300 000	1 000 000	
FDV-system og overvåkingsanlegg VA	500 000	0		500 000	
Utviding av høgdebasseng Holdebakken - ref. HIAS- avtalen	9 950 000	0	700 000	2 000 000	7 250 000
VA-ledning Bruhaug-Trøim	7 000 000	100 000	5 900 000	1 000 000	
Nytt vannverk Tuv - relatert egen utbyggingsavtale - HIAS	950 000	0	250 000	0	700 000
VA-ledning D1-Tuv	650 000	0	150 000	0	500 000
Overbygg Elvely PST (HMS- tiltak)	100 000	0	0	100 000	
Tinden - utbyggingsavtale mellom Storelia Holdning og kommunen	1 962 500	1 962 500			
Utbygging VA-nett Tinden - for tilknytning av eksisterande hytter	2 250 000	250 000	2 000 000		
<b>Sum VAR-investeringar</b>	<b>41 462 500</b>	<b>3 412 500</b>	<b>14 500 000</b>	<b>10 100 000</b>	<b>13 450 000</b>
Utbygging Trøim Sør - bustadfeltet ved Fiskum	7 596 000	7 596 000	0	0	
<b>Sum bustadutvikling</b>	<b>7 596 000</b>	<b>7 596 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>TOTALT</b>	<b>72 833 500</b>	<b>24 733 500</b>	<b>18 550 000</b>	<b>12 800 000</b>	<b>16 750 000</b>

## 4 BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

### Kommuneproposisjonen 2014

Regjeringa foreslår en realvekst i kommunesektorens samla inntekter i 2014 på mellom 6,0 og 6,5 mrd. kroner. Av veksten vil mellom 5,0 og 5,5 mrd. kroner være frie inntekter, kor 4,0 – 4,5 mrd. kroner blir overført til kommunane.

Departementet anslår at om lag 2,8 mrd. kroner av veksten i frie inntekter i 2014 vil gå med til å dekke meirutgifter knytt til den demografiske utviklinga. Berekningar utført av teknisk brekningsutvalet (TBU) indikerer at kommunesektoren kan få meirutgifter knytt til den demografiske utviklinga på 3,3 mrd. kroner.

I tillegg til den demografiske utviklinga har kommunesektoren store utfordringar knytt til mellom anna auk gjeldsvekst, auka pensjonskostnader, endring i føring av meirverdiavgiftskompensasjon og finansiering av statlige reformer.

### Handlingsprogrammet 2014 – 2017

Dei økonomiske rammene for Handlingsprogrammet 2014 – 2017 bygger på rammene for budsjett- og økonomiplan 2013 – 2016 og endringar vedteke i budsjettrevisjon 10. juni 2013. Handlingsprogrammet bygger vidare på Kommuneproposisjonen 2014, Revidert Nasjonalbudsjett 2013 og framlegg til Statsbudsjett 2014.

Statsbudsjettet vart lagt fram 14. oktober og inntektsveksten for Hemsedal gir ikkje rom for å fortsetja med dagens aktivitet. Underliggende vekst i tenesteområda krev omstilling og innsparing for få ein bærekraftig økonomi i kommunen. I forhold til dagens aktivitet er det nødvendig at kommunen sparer ca. kr 7 mill. for å oppnå handlingsregel for drift. I det framlagte budsjettet er det føreslege innsparingar på kr. 5 mill. Eventuelle nye driftstiltak føreset omstilling gjennom bortfall av nye tenester, reduksjon i dekningsgrad, redusert kvalitet, auka eigenandel eller effektivisering.

For å sikre kommunens økonomiske handlingsrom er det nødvendig å styre kommunen etter handlingsregler for drift og investeringar. Hovudelementa som er lagt til grunn er netto driftsresultat på 3 % kvart år i perioden og at investeringsnivået blir tilpassa handlingsregelen for investering slik at veksten i lånegjeld knytt til ordinære anleggsmidlar ikkje veks meir enn veksten i frie inntekter og økonomisk bæreevne.

### Driftsbudsjettet

I handlingsprogrammet er driftsbudsjettet for perioden 2014-2017 lagt fram i faste 2014 tal der det ikkje er innarbeida årleg vekst i frie inntekter. På same måte er det ikkje teke høgde for løns- eller prisvekst, demografiendringar eller prisjustering av avtalar eller samarbeid. Driftsbudsjettet har innarbeida rente- og avdragsverknadane av investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden. Det er kalkulert med ei rente på 2,5 % i 2014 og ein auke på 0,25 % kvart år i perioden. Det er vidare berekna 30 års nedbetalingstid på alle langsiktige lån.

I 2014 er det budsjettet med skatteinngang på kr. 62 mill. Dette er ei auke på kr. 5 mill. i forhold til budsjettet 2013. Dette gir sum skatt og ramme kr. 127 900 000 i 2014 ut frå KS prognosemodell. Dette er ei auke på 3,2 mill. i forhold til 2013. Eigedomsskatten aukar med kr. 500 000 og konsesjonsavgifta aukar med kr. 270 000. Totalt sett aukar overføringsinntekter med kr 5 mill.

ØKONOMIPLAN 2014 - 2017		Buds(end)	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Budsjett pr. hovedart		2013	2014/V:561	2015/V:561	2016/V:561	2017/V:561
10	LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	115 172 000	120 175 239	120 341 839	120 341 839	120 341 839
11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR	25 697 000	26 194 881	25 807 490	25 809 490	25 859 490
13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KON	28 432 000	31 761 841	31 390 801	30 890 801	30 890 801
14	OVERFØRINGSUTGIFTER	13 551 000	12 874 740	12 782 380	12 282 380	12 282 380
15	FINANSUTGIFTER	23 127 000	24 386 600	23 874 600	23 942 600	25 440 600
	<b>Sum utgifter</b>	<b>205 979 000</b>	<b>215 393 301</b>	<b>214 197 110</b>	<b>213 267 110</b>	<b>214 815 110</b>
16	SALGSINNTEKTER	-29 104 000	-32 693 062	-32 793 362	-32 793 362	-32 793 362
17	REFUSJONER	-17 003 000	-15 946 420	-13 722 620	-13 452 620	-13 572 620
18	OVERFØRINGSINNTEKTER	-140 674 000	-145 718 840	-145 718 840	-145 718 840	-145 718 840
19	FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTR	-22 510 000	-23 009 160	-22 778 260	-22 929 260	-22 778 260
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-209 291 000</b>	<b>-217 367 482</b>	<b>-215 013 082</b>	<b>-214 894 082</b>	<b>-214 863 082</b>
	<b>TOTALT</b>	<b>-3 312 000</b>	<b>-1 974 181</b>	<b>-815 972</b>	<b>-1 626 972</b>	<b>-47 972</b>

Salsinntekter aukar med kr. 3,5 mill. Dette er i all hovudsak auke i gebyr innanfor VAR-område

Budsjetterte refusjonar er redusert med kr. 1 mill. i forhold til 2013. Dette fordeler seg omtrent likt mellom Kultur og oppvekstetaten og Helse og omsorgsetaten.

Totalt gir dette ei auke i driftsinntekter på ca. kr. 8 mill.

Det er i budsjettframlegget teke høgde for ein lønsvekst på 3,5 %. Dette utgjør kr. 4 mill. I tillegg aukar lønsbudsjettet med ein million som i hovudsak skuldast auka pensjonskostnad.

Kjøp av varer og tenester som inngår i den kommunale tenesteproduksjon aukar med ca. 2 %. Den største enkeltendringen i denne kostnadsgruppa er nytt brøyteanbod som aukar med ca. kr 1 mill. Det er samtidig gjort innsparingar i denne kostnadsgruppa med eit tilsvarande beløp.

Kostnadsgruppa kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon aukar med ca. kr. 3 mill. Dette er spesifisert i oversikten under der Hallingdal Renovasjon utgjør den største auken. Utgiftsauken i Hallingdal Renovasjon blir teke inn igjen gjennom auka gebyr over ein fem-års horisont.

Finansutgifter aukar med kr. 1,2 mill. Dette er auka avdragsutgifter kr. 400 000 og auka rentekostnader kr. 300 000, totalt kr. 700 000. I tillegg er overføring til investeringsrekneskapen auka med kr. 700 000 som fylgje av at heile investeringsmomsen skal tilbakeførast til investeringsrekneskapen frå 2014.

Totalt gir dette ei kostnadsauke frå 2013 til 2014 på kr. 9,5mill.

Interkommunalt samarbeid	Type	Bud. 2012	Bud. 2013	Bud. 2014	Auke	2013-2014	Ansvar
Regionrådet Hallingdal	§ 27	240 000	252 433	260 000	7 567	3,0 %	1000
IKT Hallingdal		3 320 000	3 578 000	3 807 266	229 266	6,4 %	1000
Hallingdal barnevern	§ 28b	3 860 000	4 389 000	4 212 000	-177 000	-4,0 %	2600
NAV Hemsedal og Gol	§ 28b	4 500 000	4 500 000	4 700 000	200 000	4,4 %	2600
Felles innkrevingskontor Hallingdal	§ 28c	700 000	648 000	680 000	32 000	4,9 %	1000
Interkommunal legevakt- nattlegevak	§ 28b	290 000	296 000	360 000	64 000	21,6 %	2500
Hallingdal Etableresenter	§ 27	46 000	46 000	55 000	9 000	19,6 %	3400
Miljøretta helsevern Hallingdal	§ 28b	60 000	61 200	65 000	3 800	6,2 %	2500
Kommunehelsesamarbeidet Vestere Viken		5 000	5 000	5 000	-	0,0 %	2500
Hallingdal Krisesenter	Stiftelse	388 400	466 700	430 000	-36 700	-7,9 %	2600
Hallingdal Renovasjon IKS	IKS	4 178 000	3 912 000	6 187 850	2 275 850	58 %	3200
Kommunerevisjonen IKS	IKS	500 000	550 000	510 000	-40 000	-7 %	1000
IKA Kongsberg	IKS	82 000	227 400	234 222	6 822	3 %	1000
Vestviken 110 IKS	IKS	70 000	72 000	75 000	3 000	4 %	
PPT Nedre Hallingdal IKS	IKS	777 000	917 000	1 074 933	157 933	17 %	2010
Hallingdal brann- og redningsteneste	IKS	2 192 000	2 383 000	2 748 348	365 348	15 %	3100
<b>Sum</b>		<b>21 208 400</b>	<b>22 303 733</b>	<b>25 404 619</b>	<b>3 100 886</b>	<b>14 %</b>	

### Innsparingstiltak

Det har vore nødvendig å gjennomføre innsparingar for å sikre kommunen ein bærekraftig økonomi. Utgangspunktet for handlingsprogrammet 2014 har vore å vidareføre dagens prioriteringar. Budsjettet har innarbeida dei kjente inntektene og utgiftene som kommunen vil ha ved å vidareføre dette. Kommunen mangla kr. 7 mill. ved fyrste budsjettframlegg til økonomiutvalet. Gjennom økonomiutvalet sine prioriteringar er budsjettbalansen betra med kr. 5 mill.

Halvparten av innsparingane er reduksjon i lønsbudsjettet. Endringane som er innarbeida i budsjettet vil bli gjennomført ved naturleg avgang. Reduksjonane er i hovudsak innanfor Sentraladministrasjonen, Oppvekst og Helse og omsorg. Dei innarbeida reduksjonane kan gjennomførast utan alt for store konsekvensar.

Det er vidare planlagt med ein del reduksjonar på kjøp av varer og tenester

Budsjettet er også forbetra ved at brukarbetalingar aukar meir enn vanleg prisvekst. Dette gjeld mellom anna innanfor Teknisk sektor der fleire av sjølvkostområder har stor underdekning. For dei store sjølvkostområda vatn, avlaup og renovasjon har kommunen 100 % inndecking når ein ser det over ein fem års horisont.

Alle langsiktige lån til kommunen er budsjettert med 30 års nedbetalingstid. Nedbetalingstida er i tråd med gjennomsnittleg levetid på anleggsmidlane. Kommunen vil fortsatt betale meir enn kommunelovens krav til minimumsavdrag.

Den siste gruppa av endringar for å betre budsjettet er meir bruk av midlar frå kraftforvaltninga og næringsfondet inn i drifta.

## 5 Eigedomsskatt

### Innleiing

Under budsjetthandsaminga 6. desember 2012 gjorde kommunestyret vedtak om at «*det må også sjåast på inntekspotensialet til kommunen, herunder synleggjering av potensialet ved eventuell innføring av eigedomsskatt*». Hemsedal kommune har i dag eigedomsskatt på verk og bruk etter utskrivingsalternativ § 3c i eigedomsskattelova – «berre på verk og bruk i heile kommunen». Eigedomsskattelovas § 3 gir mogelegheit for kommunane å skrive ut eigedomsskatt etter mange alternativ og for Hemsedal er det utviding av utskrivingsalternativ som er temaet.

### Dei ulike utskrivingsalternativa

Eigedomsskattelova § 3 bestemmer at kommunestyret kan skrive ut eigedomsskatt på anten

- a) *faste eigedomar i heile kommunen, eller*
- b) *faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller*
- c) *berre på verk og bruk i heile kommunen, eller*
- d) *berre på verk og bruk og annan næringseigedom i heile kommunen, eller*
- e) *eigedom både under bokstav b og c, eller*
- f) *eigedom både under bokstav b og d, eller*
- g) *faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom*

Hemsedal kommune skriv i dag ut eigedomsskatt etter alternativ c. Meir enn 80 % av dagens eigedomsskatt på ca. 10 mill. NOK kjem frå kraftanlegg. Ein kan derfor utlukke alternativ b og g, då dette ville gi mindre inntekter enn i dag. Det vil si at kommunen i praksis står at med fire mogelegheiter for å utvide utskrivninga av eigedomsskatt.

1. *Skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile kommunen (alternativ a)*
2. *Skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, **og** på verk og bruk i heile kommunen (alternativ e).*
3. *Skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang **og** verk og bruk og annan næringseigedom i heile kommunen (alternativ f).*
4. *Skrive ut eigedomsskatt berre på verk og bruk **og** annan næringseigedom i heile kommunen (alternativ d).*

Alternativ 1 gir det mest eigedomsskatt då alle hytter, bustadar og næringseigedomar i Hemsedal vil inngå i eigedomsskattegrunnlaget i tillegg til verk og bruk.

I alternativ 2 vil bustadar, hytter og næringseigedom innanfor klart avgrensa områder koma i tillegg til dagens eigedomsskatt.

Alternativ 3 er som alternativ 2, men det vil bli skrive ut eigedomsskatt på næringseigedom i heile

kommunen.

I det siste alternativet vil det bli skrive ut eigedomsskatt på næringsseigedom i heile kommunen og dette kjem vil koma i tillegg till dagens eigedomsskatt.

Kommunestyret fastset kvart år i samband med budsjettet kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for det komande skatteåret jf. eigedomsskattelova § 10.

### **Skattesatsar**

Etter eigedomsskattelova skal skattesatsen vera mellom 2 og 7 promille av takstgrunnlaget. Hemsedal kommune har i dag 7 promille som skattesats. For å ikkje svekke inntektsgrunnlaget kan me legge til grunn at dagens skattesats for verk og bruk må halde fram.

Kommunestyret kan fastsetja ulike skattøyre for *bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar* etter § 12 a. Denne regelen betyr at kommunen kan fastsetja ein annan skattesats for bustad og fritidseigedomar i forhold til næringsseigedomar og verk og bruk.

§ 12 b bestemmer at det kan vedtakast forskjellige satsar for tomtegrunn og bygningen oppå.

Det kan og vedtakast forskjellige stasar for bygningar og grunn uavhengig om grunnen er bygd på eller ikkje etter § 12 c.

Etter § 12 d kan det og vedtakast forskjellige satsar for *avgrensa område som nemnde i § 3*. Dette opnar opp for ulike satsar i ulike soner. Ein føresetnad er at like område blir handsama likt.

Det alternativet som blir mest brukt av kommunane er alternativ a, der det blir vedteke ein lågare sats for bustad og fritidseigedomar enn for verk og bruk og næring. Gol kommune t.d. har 7 promille på verk og bruk og næring og 2 promille for bustad og fritidseigedomar.

Kommunestyret kan fastsetje botnfrådrag i eigedomsskatten for bustad og fritidseigedomar som ikkje vert nytta i næringsverksemd etter § 11 andre lekk. Dette botnfrådraget gjelder berre bustad og fritidseigedomar og skal fastsetjast som ein fast kronebeløp kvart år ved budsjetthandsaminga.

### **Verdsetjinga**

Verdsetjinga av alle objekta ligg utafor kommunestyrets korntroll og skal i Hemsedal i tråd med gjeldane takstvedtekter gjennomførast av sakkyndig nemnd, eventuelt sakkyndig ankenemnd ved klage.

Ved utviding av utskrivingsalternativ, vil det fyrste året påføre ein god del kostnadar i samband med taksering av dei nye objekta. Finansdepartementet har anslått gjennomsnittleg kostnad pr. objekt til kr. 780.

Hemsedal hadde ordinær nytaksering i 2009. Dersom kommunen utvider eigedomsskatten til å gjelde fleire objekt enn dagens verk og bruk må kommunestyret ta stilling til om det skal foretas ei full nytaksering eller om ein berre føretek ei taksering av dei ny eigedomane. Departementet har uttalt; «*etter departementet*

*sitt syn skal likevel taksering av eigedomar som kjem til etter siste allmenne taksering, gå føre seg etter dei same prinsipp og retningslinjer som vart nytta ved siste allmenne taksering. Takstnivået for dei nye eigedomane skal tilpassast takstnivået for dei tidlegare takserte eigedomane i kommunen»*

Ved innføring av generell eigedomsskatt i Hemsedal vil kostnadane fyrste året basert på Finansdepartementet sin gjennomsnittspris koma over kr. 3 millionar.

### **Inntektsverknaden for kommunen**

Inntekspotensialet ved utviding av utskrivingsalternativ er avhengig av kva for utskrivingsalternativ, skattesatsen og botnfrådrag som blir vald.

Dersom Hemsedal gjer det same som Gol kommune og innfører generell eigedomsskatt med skattesats 7 promille på verk og bruk og næringseigedom og 2 promille for bustad og fritidseigedom så kan ein lage nokon anslag på inntektene frå eigedomsskatten.

Dersom ein gjennomsnittleg bustadeigedom blir taksert til kr. 1 500 000 og ei gjennomsnittleg fritidseigedom blir taksert til kr. 1 500 000 og kommunestyret innfører eit botnfrådrag på kr. 500 000 vill inntekta frå eigedomsskatten på bustad og fritidseigedom bli ca. kr. 7 000 000.

Inntektene frå næringseigedom er vanskeleg å anslå både fordi vi ikkje har fullgodt register over kor mange eigedomar dette vil vera. Det er og større usikkerheit kring verdsettinga av desse eigedomane då avkastningsperspektivet vil vera viktig ved verdsettinga av t.d. eit hotell.

Eigedomsskatten er ein objektskatt der kommunen får behalde heile skatten i motsetning til inntekts- og formueskatten som inngår inntektsutjamninga mellom kommunane.

I framlegg til budsjett er det ikkje foreslege endringar i eigedomsskatten.

## 6 FOKUSOMRÅDE BEFOLKNING, NÆRING OG SAMFUNN

Handlingsplanen bygger på kommuneplanen sin samfunnsdelen av 30. juni 2010, og arealdelen av 8. desember 2011, samt vedteke «Kommunal planstrategi 2012-2015».

### 6.1 Mål for samfunn og næring

Det har vore eit overordna mål å sikre tilgang på bustadtomter i dei 3 sentra Tuv, Trøim og Ulsåk, parallelt med å sikre moglegheit for spreidd bustadbygging i grendene. Dette er langt på veg ivareteke gjennom vedtekne planar, og investeringar i nye bustadfelt på Svøo III og Trøim Sør - Fiskum. Siste års utvikling viser at den enorme veksten i innbyggjartalet siste 10 år har stagnert, og det er difor viktig for kommunen å tilpasse vidare tilrettelegging og utvikling til venta etterspurnad slik at ikkje økonomien vert unødig pressa.

Føresetnaden for vidare investeringar og utvikling er at ein er ajour med planleggingsoppgåvene. Rådmann forslår ei justering av kommunal planstrategi for 2012-2015 i høve kommunen si økonomi og praktisk gjennomføringsevne i tråd med tabellen under.

	2012	2013	2014	2015
<b>Kommuneplanar:</b>				
K-plan – Samfunnsdelen <u>utb.politikk (Næring, bustad mm)</u>			Rev	
K- plan arealdel (Vedtektsrev.)		Rev		
K- plan arealdel (Næring -ABC)			Rev	
K- delplan Lykkja Mørkegardslia	Rev			
K- delplan for vasskraft				Ny
<b>Planstrategi 2015 – 2019-oppstart</b>				Ny/rev →
<b>Reguleringsplanar:</b>				
Reguleringsplan Tuv I (skuleareal)				Rev
Bustadfelt <u>Hustadhagen</u>				Ny
<u>Reg.plan Hemsedal Kyrkjegard</u>			Rev	
Reg plan Trøim - Øst			Rev	
Reg plan – Fiskum (Fortetting)		Rev		
Områdeplan Trøim – (Gondol)	Ny/Rev			
Områdeplan Ulsåk	Rev			
Områdeplan – Tuv sentrum mm				Ny
<b>Tema / fagplanar:</b>				
Hovudplan VA			Ny	
<u>Rehab- og vedlikehald-kom.bygg</u>			Ny	
Sti – <u>ridesti-</u> , og løypeplan		Rev		
Kulturminneplan				Ny
Trafikktryggleiksplan - HD	I			
Næringsplan ( <u>Landbr./Reiseliv m.m.</u> )		Ny		
<b>Barnehageplan</b>				
Kultur - <u>idrettsanleggsplan</u>	Rev	Rev	Rev	Rev
Rusmiddel politisk plan inkl. <b>HD</b>	Ny			
<u>Alkoholpolitiske retningsliner</u>	Rev			Rev →
Helse og omsorgsplan		Ny/rev		
<b>Handlingsplan / økonomi</b>				
	Rev	Rev	Rev	Rev



Hovudmål for planleggingsarbeidet i 2014 er som følgjer;

- Ferdigstille områdeplan for Trøim der mål er å regulere næringsareal, sikre framtidretta løysningar for trafikkavvikling herunder trase for Fylkesveg, lokalisering av basestasjon for framtidig gondol, areal for Idrett
- Ferdigstille områdeplan for Ulsåk der mål er å finne ei framtidretta løysing for skule, trafikkareal og avklare behov for næringsareal
- Ferdigstille kommunedelplanen for Lykkja – Markegardslia
- Oppstart arbeid med områdeplan for Trøim Øst. Planprosessen må vurderast i høve behov for areal til ny Kykjegard, samt sikre areal for skule og helse. Det er også viktig å vurdere arealbehov omkring reinseanlegg, brannstasjon og legekantor
- Ferdigstilla arbeidet med Strategisk Næringsplan. Planen skal syne viktige satsingsområder, ansvar og roller for å stimulere til vekst og utvikling for eksisterande næringsliv, og nyetablerarar. Næringskonsulenten har eit nært samarbeid med Hallingdal Etablerersenter, som tilbyr etablerer kurs og gir fagleg rettleiing til dei som ønskjer å etabler eller som treng bistand til å utvikle ei verksemd. Hallingdal Etablerersenter blir drive av hallingdalskommunane.
- Revidering av kommuneplanen. Kommunen har i samarbeid med Hol kommune fått utarbeida ein rapport som drøfter mogelege grep for å sikre ei langsiktig arealforvaltning knytt til «varme/ kalde senger». Med bakgrunn i rapporten og nærmare arealpolitiske avklaringar ønskjer ein å konkretisere retningslinjer for framtidig «varmsengspolitik».
- Handlingsdelen til Trafikktryggleiksplanen skal årleg rullerast, og det er eit mål at ein gjennom dette arbeidet i større grad enn tidlegare får synleggjort kommunen sine behov i høve gang- og sykkelveg langs RV 52 jfr. tidlegare uttaler til Buskerud Fylkeskommune og Statens Vegvesen. Kommunen skal også følgje opp arbeidet med å sikre gamle Venås bru/ alternativ sikre kryssing av Mørkedøla. Ein ser også behov for å vere meir aktiv ovafor overordna mynde kva gjeld oppfølging av «Handlingsplan for Riks- og Fylkesveg», jfr. dei uttaler kommunen her har her.
- Ferdigstille arbeidet med ny Sti- og Løypeplan. Planen vil synleggjere eit samla sti- og løypesystem for kommunen, både sommar og vinter med ansvars plassering, og forslag til nye tiltak/ vedlikehald.
- Hemsedal har gjennomført, men står ovafor store investeringar innan vatn- og avlaup. Framlegg til budsjett syner eit investeringsbehov på kr. 41 mill (2014-2017) innan VAR- området. Vatn er vårt viktigaste næringsmiddel. Tilstrekkeleg og sikker vassforsyning med god kvalitet er ein av våre viktigaste kommunale oppgåver. Langsiktig strategisk planarbeid er nødvendig for at kommunen skal kunne drive forsvarlig vassforsyning, men også avlaupshandtering. Arbeidet med utarbeiding av Hovudplan for Vatn- og avlaup står difor sentralt.
- Ny revidering av barnehageplanen vert gjennomført i 2015. Noverande plan gjeld frå 2011-2015.

Gjennomføring av overnevnte planprosessar med påfølgjande tiltak vil underbygge overordna mål forankra i kommuneplanen samfunnsdel kva gjeld utbyggingsstrategi, butilbod, næringsliv, miljø og tema «Samferdsel og kommunikasjon».

Hemsedal kommune vart i 2011 eigar av landbrukseigedommen Båstø. Føremålet med eigarskapet var lokalisering, og realisering av Norges Friluftshøgskule. Arbeidet med Friluftshøgskula har vore leia av ei styringsgruppe, med ordførar prosjektleiar, og representantar frå mellom anna Norddal kommune, Universitetet i Stavangar (UIS), men også Kristin Krohn Devold (Turistforeninga) og Terje Devold. Det er utarbeida fagplanar med gode tilbakemeldingar frå UIS, men det er mykje arbeid att. Det er eit mål å få etablert eit delstudietilbod (Bachlorstudie), eller eit tilbod om etter-/vidareutdanning i samarbeid med UIS innan 2015.

## 6.2 Mål for befolkning og folkehelse

Hemsedal kommune har utarbeidd ein planstrategi der **folkehelse** har eit overordna perspektiv. For å

**HVA ER FOLKEHELSEARBEID?**

- **folkehelse:** befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i en befolkning
- **folkehelsearbeid:** samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen.

koordinere tverrfagleg og tverretatleg samarbeid innan folkehelse har kommunen etablert ei ressursgruppe innan folkehelse.


Folkehelseprofilen viser at Hemsedal har få eintydige folkehelseutfordringar. Hemsedal har lågare tal på personar med uføretrygd. Det er mindre bruk av medikament, og det er færre som har livstilsjukdommar. Det er fleire med låg inntekt og Hemsedal har fleire med personskadar som blir behandla i sjukehus.

Samstundes veit ein at utviklinga i samfunnet fører med seg ei endring av sjukdomsbilete,- eit forhold også Hemsedal er ein del av.

I dette perspektivet har rådmannen sett som mål at det i all overordna planlegging skal gjerast ei vurdering av kva for tiltak som kan fremje ei positiv utvikling for folkehelsa generelt, og som kan jamne ut eventuelle sosiale helseforskjellar i bygda. Tiltaka skal vere tufta på kunnskap og systematisk arbeid. Dette føresett både tverretatleg, og regionalt samarbeid. I 2014 er målet å identifisere faktorar i Hemsedal som påverkar risikoen for «hyppighet» i befolkninga (negativ/ positiv helseeffekt), og nytte denne kunnskapen i langsiktig førebyggjande arbeid.

I alt utviklingsarbeid skal det vere fokus på helse, trivsel og universell utforming. Tilrettelegging og utvikling av ski, -, tur og sykkelløyper er ein ønska strategi for å fremje fysisk aktivitet.

### Sykdomsbildet endrer seg



### 6.3 Ålmenn kultur

**Lag og organisasjonar** er den viktigaste kulturutøveren i Hemsedal. Hemsedal kommune er derfor avhengige av eit godt samarbeid med desse. Utfordringa er å skape gode sosiale, kulturelle møtearenaer og høve til fysisk aktivitet for dei som treng spesiell tilrettelegging eller som ikkje ynskjer /kan delta i det organiserte tilbodet.

- Hemsedal kommune må syte for at kommunale kulturbygg og anlegg er i god stand til bruk for lag og organisasjonar.
- Hemsedal kommune må ha ei god tilskotsordning for drift av lag og organisasjonar. Størstedelen av tilskotet vert fordelt til barne og ungdomsarbeid i tråd med retningslinene. Det vert også gjeve tilskot til prosjekt, arrangement og ålmenn kultur.
- Hemsedal kommune yter hjelp og informasjon ved finansiering av anlegg med spelemidlar.
- Hemsedal kommune deler ut kulturpris/stipend til lag/organisasjonar eller enkeltpersonar som har utmerka seg spesielt i kulturarbeidet.

**Den kulturelle spaserstokk** - Dette er ei gruppe samansett av representantar frå Hemsedal pensjonistlag, Hemsedal eldreråd, Historielaget, Frivilligsentralen, Helse og omsorg samt Kultur og oppvekst.

Det vert i løpet av året arrangert filmdagar, stølstur, haustfest og konsertar på Bygdaheimen, kinosalen og i biblioteket. I tillegg er det song og musikk kvar veke for bebuarane på Bygdaheimen. Målet er å sørge for profesjonell kunst og kulturformidling av høg kvalitet til eldre. Hemsedal kommune held fram med å søkje om midlar til «Den kulturelle spaserstokk».

**Kultursalen** - Kommunestyret gjorde i budsjettsaka 2012 vedtak om Oppgradering av kultursalen. Planarbeidet i samband med oppgradering av kultursalen er godt i gang. Arbeidsgruppa skal i løpet av hausten legge oppdraget ut på anbud. Dersom investeringa vert vedteke for 2014 er det planlagt gjennomføring i perioden mai – oktober 2014. Finanisering ved hjelp av spelemidlar.

**Kyrkja og øvrige trussamfunn/livssynsorganisasjonar** er viktige kulturbærarar i Hemsedal. Alle trus- og livssynssamfunn får same tilskot pr medlem. Det vert utbetalt til 19 forskjellige organisasjonar.

**Hemsedal Bygdearkiv** – Hemsedal Historielag driftar på vegne av Hemsedal kommune Bygdearkivet. Dei tek vare på historia om Hemsedal. Både bilete, film og nedskrevet materiale. På nettsida Digitalmuseum.no er det lagt ut ca. 2000 bilete frå Hemsedal.

**Hallingdal Museum** - Samarbeidspartner som tek spesielt vare på Hemsedal bygdatur. Det er laga eigen skjøtselsplan for Hemsedal Bygdamuseum. Hallingdal museum har som mål og bli ein del av Buskerud museene. Dei er i ein konsolideringsprosess no – samling av musea i Buskerud til ein organisasjon for drift av musea. Der målet er å få fleire statlege kroner til å oppretthalde og utvikle museumsdrifta.

**Buskerud Teater** – Tidlegare Hallingdal teaterverkstad som yter hjelp til teaterarbeid i skule og i frivillige lag og organisasjonar.

**Kulturkoordinator** – Samarbeidsprosjekt for heile Hallingdal for å auke samarbeid mellom kulturinstitusjonar i Hallingdal og auke samarbeid mellom kultur og reiseliv i Hallingdal. For å auke trivsel og bulyst i Hallingdal.

## 7 FOKUSOMRÅDE ARBEIDSGJEVARSTRATEGI

Hemsedal kommune sitt overordna mål er at vi gjennom samhandling skal ha ein heilskapleg arbeidsgjevarstrategi som gir positive, trivelege og meningsfylte arbeidstilhøve.

Ein god arbeidsgjevarpolitikk er viktig for vårt omdømme. Det er viktig å forvalte og ta vare på vår eigen arbeidskraft på ein god måte, da kan vi få ein stabil arbeidsstokk og eit høgt nærvær. Dette krev eit inkluderande og heilskapleg leiarskap som igjen vil skape dyktige medarbeidarar, som vil yte sitt beste i tenesteytinga overfor innbyggjarane.

### 7.1 Mål for arbeidsgjevar

#### **Nærvær «Det er viktig å bry seg om og ta vare på kvarandre»:**

Hemsedal kommune har generelt eit lågt frávær, og ligg godt under landsgjennomsnittet.

Hemsedal kommune sitt mål er å klare og halde sjukefráværet så lågt som mogleg. Det skal jobbast aktivt for at fráværet ikkje skal overstige 5,3 %, dvs. ein nærværs prosent på 94,7 %.

#### **Utviklande organisasjon:**

Hemsedal kommune skal ha ein open organisasjon slik at dei tilsette, som er kommunens ressurs, kan få rom til utvikling og innflytelse slik at kommunen kan vera ein nyskapande organisasjon.

#### **Kompetanse:**

Vår primæroppgåve er å yte gode tenester ovanfor våre innbyggjarar, dette krev kompetente og fleksible medarbeidarar. Kommunen har brei erfaring og kompetanse i organisasjonen, men auka velstand i samfunnet skapar auka forventningar til kommunen. Det er viktig at kommunen har ein plan som viser «framtidige behov». Denne planen vil bli ein del av kommunens arbeidsgjevarstrategi, og målet er at arbeidet skal bli ferdig i løpet av 2014.

#### **Medverknad:**

Dialog og samarbeidsmøte mellom administrasjon og tillitsvalde, min 2 stk. pr. år.

#### **Kartlegging:**

Kommunen har lisens på kartleggingssystemet «[www.bedre.kommune.no](http://www.bedre.kommune.no)». Målet er at vi i løpet av 2014 gjennom å bruke systemet kan få fram aktuelle indikatorar som vi kan rapportere på for dette fokusområde (uønska deltid, medarbeidartilfredshet, medverknad.)

## 8 TENESTEOMRÅDE OPPVEKST

Kapitlet omhandler oppvekst- og kulturområdet. Oppvekst er definert som oppvekstsentra Tuv og Ulsåk, Hemsedal barne- og ungdomsskule (HBU) og vaksenopplæringa. Kultur omhandler musikk- og kulturskolen, bibliotektenesta, fritidsklubben og ungdomsrådet. Tenesteområdet omfattar totalt 90,8 årsverk fordelt på 100 tilsette. Tilkallingsvikarar, Vaksenopplæringa samt PPT og Ot er ikkje medrekna. I Handlingsprogram for 2014-2017 er det skissert fire overordna målsetjingar for sektoren. Kvar av verksemdene bryt desse ned til arbeidsmål. Arbeidsmåla seier kva som skal liggje føre når arbeidet er ferdig.

### 8.1 Overordna mål for sektoren

- Bygningsmasse som tilfredsstillar krav til godt arbeidsmiljø for barn og tilsette
- Ha tilsette med tilstrekkeleg kompetanse til å utføre dei oppgåver som stillingar krev
- Utarbeide kvalitetssystem som sikrar at kommunen fylgjer pålegg i lov og forskrift
- Nytte ressursane vi har til rådvelde på best mogleg måte for å ta hand om dei oppgåver vi får frå kommunale- og statlege organ

### 8.2 Barnehagane i Hemsedal

Status KOSTRA:

BARNEHAGE	Hemsedal 2010	Hemsedal 2011	Hemsedal 2012	Gol 2012	Nes 2012	Gruppe 2 2012	Landet 2012
<b>Prioritering</b>							
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	3,2	12,3	12,9	10,3	8	11,9	14,7
Netto driftsutgifter til barnehager per innbygger	1621	6829	7943	5363	4259	6452	7077
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	26083	99451	113974	101340	97527	112274	114949
<b>Dekningsgrader</b>							
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	93,2	91,5	93,5	87,4	92	89,4	90,8
Andel barn 0-5 år med barnehageplass	77,4	74,6	81	75	79,3	76	77,2
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	83,9	79,7	91,5	77,9	86,9	78,4	81,1
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	100	100	95,2	93,4	95,5	96,7	97,1
<b>Produktivitet</b>							
Korrigerte oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager	11588	12039	11506	10833	11463	10876	11538
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	134692	130411	144815	142357	130196	155632	157355
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr)	47	46	49	49	47	54	52
<b>Utdypende tjenesteindikatorer</b>							
Andel ansatte med førskolelærerutdanning	26,8	22	32,6	27,7	22	31	33,7
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent førskolelærerutdanning	81,8	64,3	86,7	77,8	60	84	87,1
Andel assistenter med førskolelærerutd, fagutd, eller annen pedagogisk utdanning	11,5	12,5	17,4	23,5	23,1	37,5	28,5
<b>Prosentvis fordeling av utgifter på:</b>							
Funksjon 201 - Opphold og stimulering	84,7	85,8	81,9	91,3	90,1	84,2	82,1
Funksjon 211 - Tilrettelagte tiltak	1,7	2,4	4,5	7,1	3	6,6	9,6
Funksjon 221 - Lokaler og skyss	13,6	11,8	13,5	1,5	6,9	9,2	8,3
<b>Fordeling av finansiering for kommunale</b>							
Oppholdsbetaling	16,4	17,7	16,3	16,1	17	14,6	14,8
Statstilskudd	55,1	0,5	0,7	2,7	1	0,8	1,5
Kommunale driftsmidler	28,5	81,9	83,1	81,2	82	84,6	83,7
Funksjon 201 "Opphold og stimulering"							
<b>Funksjon 211 "Tilrettelagte tiltak"</b>							
Brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, alle barnehager	37833	23286	42214	36810	23000	65029	62666
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager	9,2	19,9	19,2	26,5	20,3	13,7	15,4

Barnehagane i Hemsedal blir drifta godt når vi ser på netto driftsutgifter per innbyggjar frå 1 til 5 år, i kroner. Vi må ta omsyn til utbyggingskostnader i form av avskrivning som har medført auka driftskostnader dei siste åra. Vi har høg dekningsgrad samanlikna med andre kommunar.

Vi treng fleire med godkjent utdanning i åra som kjem.

Hemsedal har klart å ta hand om den store veksten som kom i 2010 og 2011 med store fødselskull. Utfordringa for barnehagen er dei store svingingane i folketal med fødselstal, tilflytting og fråflytting. Dei siste åra har barnehagane vorte store, men administrasjonsressursen har ikkje auka i takt med utbygging. For barnehagar med meir enn 50 barn, er det anbefalt å ha assisterande styrar. Tuv og Ulsåk barnehage har per i dag 70 barn per barnehage, der barn under tre år tel to plassar, og over 20 tilsette ved kvar plass.

Barnehage som ligg utanfor oppvekstsenteret gjer det ekstra administrativt krevjande for styraren.

Vi har gode lokalitetar for barnehage bortsett frå to avdelingar på Ulsåk. Skadvin barnehage med modulbarnehage vil om kort tid kunne avviklast då fødselstal dei to siste åra er langt lågare enn tidlegare.

Barnehagen har stor aktivitet innan kompetanseheving for personalet. Vi er med i pilotprosjektet for Hallingdal "Felles Løft for tidlig innsats i Hallingdal". "Felles Løft for tidlig innsats i Hallingdal" er eit pilotprosjekt i samarbeid mellom kommunane i Hallingdal og Statped Sørøst avdeling Gjøvik. Det er eit kompetansehevingsprosjekt i Hallingdal for tilsette i barnehagar, skular (1.-4.trinn) PPT (pedagogisk psykologisk teneste), og med tilsette på helsestasjonane og barnevernstenesta som viktige samhandlingspartnarar. Prosjektet har tidleg innsats knytt til språk- og sosial utvikling som overordna mål. Det er også eit mål å førebyggje og redusere behovet for spesialundervisning i grunnskulen, eit behov om gjennom år har medført auke i ressursar til spesialundervisning. Tiltak i barnehagane vil på litt sikt kunne få gode effektar også i grunnskulene.

Felles Løft steg 1 (barnehage) er avslutta og går over i drift. Felles Løft Steg 2 overgang barnehage – skule starta opp for fullt dette året. Det er eit krevjande arbeid der mest all planleggingstid vert avsett til prosjektet. Vi har fått noko støtte frå Fylkesmannen og frå Regionrådet.

### 8.2.1 Arbeidsmål for barnehagane 2014

- Gjennomføre Steg 2 Overgang. Utarbeide ein kommunal plan i samarbeid med skulen som sikrar barn i overgang mellom skule og barnehage. Sikre at Felles Løft Steg 1 går over i drift
- Ha tilsette i barnehagen med nødvendig kompetanse
  - personale med førskulelærarutdanning
  - spesialpedagogisk utdanna personale, mellom anna logoped
  - assistentar med fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar
  - Inntil kompetanseplanen er på plass, utarbeide ei tidsavgrensa avtale for å motivere personalet til å anten starte eller fullføre utdanning/kompetanseheving.
- Avvikle avdelingar som bygningsmessig ikkje tilfredsstillar krava
  - Legge ned gamle Skadvin som er i dårleg forfatning (avd. Steget). Hindrar at vi må auke administrativ ressurs.
- Oppretthalde naturbasane
  - Gjennomgang av grunnbemanning for å vurdere korleis ein kan oppretthalde naturbasen innanfor dei rammene vi har. Naturbasen er ein del av det helseførebyggjande arbeidet kommunen driv samt at det aukar kvaliteten på barnehagane.

### 8.3 Grunnskulen i Hemsedal

#### Status KOSTRA

	Hdal 2010	Hdal 2011	Hdal 2012	Gol 2012	Nes 2012	Gruppe2 2012	Landet 2012
Andel lærere med universitets-/høgskoleutdanning og pedagogisk utdanning Enhet : Prosent	75,6	83,7	75,0	84,1	94,2	87,1	87,1
Andel lærere med universitets-/høgskoleutdanning uten pedagogisk utdanning Enhet : Prosent	9,8	9,3	9,1	9,5	-	4,9	6,0

Grunnskulen i Hemsedal har høg kvalitet med gode resultat etter endt grunnskule. Vi ligg høgast i Buskerud med fullført vidaregåande skule. Vi har hatt rammer som har gjort at vi kan ha tett oppfølging innanfor tilpassa opplæring og har kome godt i gang med å få redusert talet på spesialundervisning.

Opplæringslova har vorte meir tydeleg på krav til skulen for å gjennomføre pedagogiske og organisatoriske tiltak. Opplæringslova §5.4 *Skolen skal ha vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet med sikte på å gi eleven tilfredsstillande utbytte før det blir gjort sakkunnig vurdering.* Logopedmangelen i Hallingdal medfører at vi bryt kravet om logopedhjelp til barn i barnehage og elevlar i grunnskulen.

Hemsedalskulane låg for nokre få år på topp i pc per elev. I dag slit vi med å ha nok kapasitet både med hardware og software. Bruk av digitale verkty er eit krav i læreplanen i alle fag på alle trinn. For å kunne vere på høgde innanfor IKT bør t.d. alle elevlar i ungdomsskulen ha tilgang på berbare pc'ar 100 % av undervisningstida samt at det er nok klassesett på småskuletrinna til å drive effektiv opplæring. Den teknologiske utviklinga krev at skulen heng med. Bruk av interaktive tavler og eventuelt nettbrett er vanleg i klasserom i dag. Dette er svært gode hjelpemiddel for tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Skulen treng lærarar med høg relasjonskompetanse og fagleg dugleik. Når vi skal kartleggje kompetansen i kommunen vil vi ha søkelys på kva fag vi treng og korleis vi skal kunne utdanne, rekruttere og halde på tilsette. Det vil bli stort behov for lærarar i framtida. Rekruttering av nyutdanna lærarar vert ei utfordring for heile landet. Vi må gjennomføre fleire tiltak for å nå opp i konkurransen om dei dyktige pedagogane i tida som kjem. Vi vil ha fokus på kvalitet. Det gjer oss attraktive som arbeidsplass for søkjarar. Vi har stor aktivitet i grunnskulen der vi er med på fleire viktige prosjekt. Prosjektet Relasjonsskulen er inne i sitt 2. år med fokus på relasjonell kompetanse i alle ledd. HBU er med på prosjekt Vurdering for læring og Ungdomstrinnsatsinga som er initiert av direktoratet. Desse prosjekta er med på å dyktiggjere personalet og setje fokus på kvalitet for elevane på 1.-10.- trinn. Felles Løft omhandlar trygg overgang frå barnehage til skule. Vi kan også nemne Barn i rusfamiliar og Kjærlighet og grenser som er eit tverretatleg samarbeidsprosjekt.

Frå hausten 2014 vert 10. trinn innlemma i valfag. Då er alle ungdomstrinna med i valfagsatsinga. Plassmangelen ved skulane vert nøye drøfta i saka om barnehage- og skulestruktur i Hemsedal.

	Hdal 2010	Hdal 2011	Hdal 2012	Gol 2012	Nes 2012	Gruppe2 2012	Landet 2012
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger, konsern Enhet : Kroner	1 964	2 003	2 017	229	1 347	2 188	1 904
Herav avskrivninger til skolelokaler (222), per innbygger, konsern Enhet : Kroner	573	558	568	211	293	603	607

I samanlikninga over ser vi at Hemsedal har høgare avskrivning enn dei andre kommunane noko som påverkar tala og samanlikningsgrunnlaget.

GRUNNSKULE	Hemsedal 2010	Hemsedal 2011	Hemsedal 2012	Gol 2012	Nes Gruppe 2 2012	Landet 2012
<b>Prioritering</b>						
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 214, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	104887	106427	114570	87067	102908	96319
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	7271	7917	7480	3096	57	4664
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år	14803	15129	15685	1657	11450	17542
Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), per innbygger 6-15 år	3222	3132	3297	2717	2554	3360
Netto driftsutgifter til voksenopplæring (213), i prosent av samlede netto driftsutgifter	0,3	0,1	0,2	0	0,1	0,1
Netto driftsutgifter til voksenopplæring (213), per innbygger	142	81	97	-26	76	44
<b>Dekningsgrader</b>						
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	9,9	7,3	7,7	11,9	6,4	3,5
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	6,7	5,8	4,6	4,4	5,5	7,5
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	10	9,8	8,5	12,7	11,3	12,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	11,7	5,3	11	9,1	15	13
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat	62,6	62	58,2	27,8	52,5	43,3
Andel av 6 åringer som fortsetter i SFO andre	92,9	83,3	85,7	100	100	89,7
<b>Produktivitet / enhetskostnader</b>						
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 214, 215, 222, 223), per elev	111051	111150	114903	86840	114690	103194
Korrigerte brutto driftsutgifter til skoleskyss (223), per elev som får skoleskyss	5382	4968	5210	8277	6293	6738
<b>Utdypende tjenesteindikatorer</b>						
Elever per kommunal skole	101	105	104	194	188	206
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10. årstrinn	11,9	11,1	10,9	13,2	11,3	11,6
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4. årstrinn	10,1	9,8	8,5	13,8	10,4	11,1
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7. årstrinn	13,8	9,8	11,1	12,5	11,3	11,3
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10. årstrinn	12,4	14	13,5	13,3	12	12,5
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring	96,3	95,8	100	95,9	100	98,7
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	41,1	38,1	39,8	37,5	42,2	39,9

### 8.3.1 Arbeidsmål for grunnskulen 2014

- Følgje opp prosjekta og satsingsområda: Relasjonsskolen, Ungdomstrinnssatsinga , Vurdering for Læring, forsering for 10. trinn, Felles Løft overgang, Begrepsundervisning, Barn i rusfamiliar, Kjærlighet og grenser. Skulane skal arbeide for
  - eit godt psykososialt miljø der det er 0-toleranse for mobbing. Elevar og foreldre skal oppleve skulen som ein trygg og god læringsarena som set likeverd og toleranse for at vi alle er ulike i sentrum. Tilsette skal nytte tileigna kompetanse frå Relasjonsskuleprosjektet inn i arbeidet med klasseleiing og vurderingsarbeid. Effekten skal synleggjerast i undersøkingar.
  - *Vurdering for læring* skal gi meir eksakt undervegs melding, framovermelding og medvirke til betre målarbeid. Prosjekt mål er utarbeidd.
  - *Plan for begrepsopplæring* skal inn i ein kommunal språkplan.
  - Prosjekt *Barn i rusfamiliar* skal føre til at alle tilsette får auka sin kompetanse. Handlingsrettleiar skal utarbeidast. Informasjonen skal ut til innbyggjarane gjennom



- o kommunen sine heimesider. Sluttevaluering vert gjennomført ved prosjektavslutning.
  - o *Kjærlighet og grenser* skal gjennomførast i samarbeid med helsestasjon.
- Oppretthalde det faglege nivået hjå tilsette
  - o Skulane skal vere attraktive arbeidsplassar med fagleg og pedagogisk engasjement. Vert synleggjort i undersøkingar.
  - o Nytilsette lærarar og assistentar vert oppdatert med eigne oppfølgingskurs slik at kompetansen blir verande i verksemda. Tidfesta i årshjul.
  - o Det skal drivast planmessig pedagogisk fagutvikling mellom anna for å sikre god overgang barnehage – skule. Vert synleggjort i handlingsplan og i rapportar.
  - o Innarbeide i Kompetanseplanen behovet for vidareutdanning av tilsette for å imøtekomme statlege krav til undervisningskompetanse i grunnskulen jf. Forskrift til Opplæringslova § 14-2
- Arbeide for at fleire elevar får tilfredsstillande opplæring innanfor tilpassa opplæring og med det redusere talet på elevar med spesialundervisning. Legge til rette for nok delingstimar i skriftlege fag slik at elevane får oppfylt krav om målform. Opplæringslova § 2-5 *Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid.*
- Ha eit forsvarleg system som sikrar at lovpålagte pålegg vert følgde, jf Opplæringslova med forskrift og Forvaltningslova. Kapittel 5 i opplæringslova skal gjennomgåast slik at kommunen har eit forsvarleg system for spesialundervisning og tilpassa opplæring. Ha eit forsvarleg system for Krise og Beredskap innanfor aktuelle scenario i skulen. Innarbeide dette i Kvalitetssystemet. Gjennomføre Tilstandsrapport for grunnskulen
- Meir synleg informasjon på nettsidene. Utarbeide rutine for oppdatering av Hemsedal kommune sine nettsider. Ansvarsfordeling og innhald vert avklara.
- Halde garantert opningstid på SFO i skulen sine feriar unnateke juli.
- Avgjere 4 eller 5 dagars skuleveke frå skuleåret 204-2015.

## 8.4 Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa gjev tilbod om grunnskuleopplæring. Dei har ikkje fått tilstrekkeleg opplæring i si tid i grunnskulen. Nokre av desse slit med dårlege minner og kjenner på tilkorkoming i skulesystemet. Vi tek imot nye landsmenn som startar sin skulegang ved å få grunnskulebevis.

### 8.4.1 Arbeidsmål for Vaksenopplæringa 2014

- Finne dei beste møteplassane for denne gruppa elevar der vi kan informere, motivere og tilby undervisning som gir dei den kompetansen dei treng vidare i yrkeslivet.
- Tilby dei vaksne elevane ei god grunnskuleopplæring og spesialundervisning.
- Syte for gode vilkår for norskopplæring for minoritetsspråklege.
- Hjelpje våre nye landsmenn til å oppnå ei yrkesutdanning.

## 8.5 Hemsedal folkebibliotek

Biblioteket er ein uformell møtestad for fastbuande og tilreisande. Biblioteket har stor aktivitet og mykje besøk, og har i mange år hatt høgste utlånet pr. innbyggjar i Buskerud. Tala i diagrammet under er henta frå KOSTRA i tidsrommet 2001-2012. Høgt utlån medfører større slitasje og trong til fornying. Biblioteket er skulebibliotek for Hemsedal barne- og ungdomsskule og har ansvar for drifta av biblioteka ved skulane på Tuv og Ulsåk.

I revisjonen av biblioteklova, med verknad frå 01.01.14, vert den fysiske og digitale møteplassfunksjonen og biblioteket sitt ansvar for formidling, understreka. I enno større grad enn tidlegare, krev dette at dei tilsette


sin kompetanse på desse områda vert styrkt og halde ved like. Biblioteket har utfordringar når dei skal gjennomføre krav i revidert Biblioteklov. Den reviderte biblioteklova er teknologinøytral, dvs at dei tradisjonelle biblioteksamlingane vert sidestilte med e-medier. Tilbodet og etterspurnaden etter nye medier aukar raskt. Biblioteket må kunne tilby digitale medier parallelt med dei tradisjonelle. Dette utfordrande innanfor gjeldande driftsbudsjett.

I 2014 er biblioteket 10 år. Det ber preg av mykje bruk. I Temaplan for Bygdaheimen og HBU må også Biblioteket reknast med.

### Status KOSTRA



Tidsserie for Bokutlån fra folkebibliotek per innbygger i alt



#### 8.5.1 Arbeidsmål for Hemsedal folkebibliotek 2014

- Hemsedal folkebibliotek skal vera ein kulturarena og møteplass
  - Kvalitet, aktualitet og allsidigheit.
  - Aktiv formidlar av informasjon, kunnskap og kultur.
  - Biblioteket skal invitere til møter for samtale og debatt.
  - Formidling – arrangement og utstillingar for barn og vaksne.
  - Aktivitetar for nye hemsedøler – språkkafé, lesesirklar, utstillingar o.a.
  - Vidareutvikle Leseombod – Bok til alle.
  - Vidareføre samarbeidet med lag og organisasjonar i Hemsedal.
- Styrking av samarbeidet mellom bygdearkiv, bibliotek og museum for å sikre best mogleg innsamling, forvaltning og formidling av lokalhistorisk materiale.
- Leggje til rette for Livslang læring
  - Biblioteket skal vere ein fysisk og digital lærestad der tilsette har kompetanse til å imøtekome krava jf revisjonen av Biblioteklova. Kompetansebehovet skal synleggjerast i kommunen sin kompetanseplan. Fullføre studieromprosjektet: supplere med møblar og it-utstyr og gjere biblioteket sitt tilbud til vaksne studentar betre kjend.
- Biblioteket skal leggje vekt på at tilboda skal ha høg kvalitet, vere aktuelle og allsidige med nytt tilfang av E-medier og vedlikehald av eksisterande biblioteksamlingane.

- Samarbeid med skulane. Leseløftet 2010-2014 inngår som ein del av bibliotekutviklinga, der gode samarbeidsrelasjonar og former for lesetiltak skal vere ein del av bibliotekverksemda. Det blir viktig å få sett ned ei gruppe som gjennomgår samarbeidsrutinane mellom skule og bibliotek. Gjere det lettare å utnytte biblioteket sine ressursar i det pedagogiske arbeidet i skulane. Motivere barn og unge til å bruke nynorsk som skriftspråk i samarbeid med skulen.
- Samarbeid på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Nye former for samarbeid både mellom biblioteka, på tvers av offentlege etatar/forvaltningsgrenser, mellom bibliotek og aktørar i frivillig sektor og mellom bibliotek, arkiv og musé, vil gjere biblioteket meir tilgjengeleg og synleg.
- Profilerings og marknadsføring av biblioteket på heimesida til kommunen og kommuneposten. Biblioteket bør vidareutvikle si eiga heimeside også/fyrst og fremst.

## 8.6 Hemsedal musikk- og kulturskule


### Status KOSTRA

Diagrammet viser i % kor stor del av elevane i grunnskulealder som har tilbod i musikk- og kulturskulen. Tal henta frå KOSTRA viser at også i 2012 er det høg aktivitet i musikk og kulturskulen. I 2012-13 hadde vi igjen toppa tal på elevplassar. Dette har me klart fordi vi har tilbod i gruppeundervisning både i drama, dans og kor. Det er framleis ventelister.

Musikk- og kulturskulen feirar 30-årsjubileum i felles øvingsrom i kommunehuset. Dette har vore eit etterlengta mål. No kan personalet samarbeide lettare med kvarandre og saman med elevane.

Frå 1.1. 2014 vert Kulturtimen sett i gang. Kulturtimen er ein gratis musikk- og kulturskuletime som elevar på 1.-4. trinn skal få. Kommunen kan organisere tilbodet som dei ynskjer t.d. ved å leggje det på eitt av trinna. Det vert ei utfordring å finne rom til dette lovkravet i eksisterande ramme.

Tidsserie for Andel elever (brukere) i grunnskulealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år



### 8.6.1 Arbeidsmål for Hemsedal musikk- og kulturskule

- Innarbeide i eksisterande budsjett Kulturtimen på 1.-4. trinn frå januar 2014.
- Kulturskulen skal vere eit ressurscenter med tilgjengeleg kompetanse. Det skal vere attraktivt å jobbe i kulturskulen vår, også for lærarar frå andre kommunar.
- Møte auka behov for elevplassar grunnar folkevekst og særleg auke i talet på barn og unge Vidareutvikle tilboda for vidarekomne elevar i musikk- og kulturskulen

## 8.7 Ungdomsklubben

Ungdomsklubben framstår som ein attraktiv plass for ungdomen. Besøkstalet er på mellom 25 og 40 på fredagar. Lokalet er rusta opp og ungdommen har bidrege i arbeidet.

Ungdomsklubben er avhengig av stabile vaksne for å skape eit forutsigbart og godt miljø der alle blir sett. Det kan vera vanskeleg å skaffe stabile vaksne til arbeid på fredagar frå 17:00-23:30.

### 8.7.1 Arbeidsmål for Ungdomsklubben

- Vidareutvikle Klubben som ein attraktiv, artig, heilt rusfri og trygg plass for ungdomen
  - Godt psykososialt miljø der det er 0-toleranse for mobbing
  - Klubben skal vera innbydande for ungdommen og med godt reinhald
  - Vidareutvikle tilboda med spel og aktivitetar.
- Det skal stellast i stand lokale og felles rusfrie arrangement for ungdom i Hallingdal, også på andre arenaer enn Ungdomsklubben. Ungdommen skal sjølv delta i drifta av klubben og i planlegging og gjennomføring av arrangement mellom anna UKM. Klubben er no del av klubbkrets i Hallingdal som skal jobbe målretta med felles rusfrie ungdomsarrangement i Hallingdal. Kretsen får tilskot frå Frifond til drift.
- Innarbeide ny vaskeavtale i eksisterande drift.
- Stabil stab med dyktige medarbeidarar
  - Erstatte tilkallingsavtaler med faste stillingar
- Det skal oppretthaldast ein god standard på uteområdet og lokalet klubben held til i.

## 8.8 Hemsedal Ungdomsråd

Hemsedal Ungdomsråd eit bra fungerande, aktivt og engasjert rådsorgan. Rådet har teke del i politiske prosessar, fått igjennom eigne saker og satt i sving eigne prosjekt, som til dømes kampanje for bruk av bilbelte i buss, arrangement for ungdom osv. Hemsedal Ungdomsråd er representert i Hallingdal Ungdomsråd som jobbar med regionale saker.

### 8.8.1 Arbeidsmål

- Stimulere til økt engasjement blant ungdommen i Hemsedal. Rådet skal engasjere resten av ungdomen i Hemsedal i viktige saker og skape forum/arena for dette.
- Betre samarbeid med politikarar og administrasjon. Rådet skal kommentere planar og gje råd til politikarar og administrasjon.
- Rådet skal halde fram med arbeidet med å få igjennom eigne saker og stå på krava for ungdommen i Hemsedal.

## 9 TENESTEOMRÅDE HELSE OG OMSORG

### Visjon i kommuneplanen - Helse, velferd, omsorg

«Alle menneskjer er ressurspersonar. – I Hemsedal vil vi ved utforming av tenestetilbod og ved tilrettelegging la enkeltmenneske få bruke sine ressursar på ein best mogleg måte ut i frå sine føresetnader. Slik kan dei oppleve livskvalitet basert på meistring, meining og livsglede

Etaten omfattar følgjande einingar:

- Bygdaheimen - institusjonsbasert teneste, inkludert institusjonskjøkken,
- Heimebasert teneste.
- Bråtenjordet - miljøarbeidarteneste, avlastningstiltak for barn og unge
- Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering
- Helsestasjon, skulehelseteneste, inkludert jordmorteneste
- Psykisk helse inkludert ansvar for rusomsorg
- Legeteneste og legevakt
- Fysioterapi og friskliv

Pr 1.september har etaten ca 69 årsverk. Frå hausten 2013 har vi eit samarbeidsprosjekt med skulen om å nytte personell på tvers for å kunne gje barn med behov for samordna tenester eit heilskapleg og betre koordinerte tenester.

Hallingdal barnevern, miljøretta helsevern og Hallingdal krisesenter er ligg under helse og omsorgsetaten sitt budsjettområde.

### 9.1 Sentrale utfordringar for etaten

Kommunen har ansvaret for tenestetilbodet for alle som har behov for helse- og omsorgstenester uansett omfang, alder og diagnose. Gode tilstrekkelege tenester i rett tid har betydning for meistring av kvardagen og arbeidsliv trass sjukdom eller nedsett funksjonsevne. Høve til å delta i kultur og sosiale aktivitetar er viktig for dei fleste for å oppleve ein god livskvalitet.

For fleire tenesteområde er det stor etterspurnad for tenester både frå dei som bur i kommunen, men og frå turistar, sesongarbeidarar og asylmottak. Sesongen er blitt lengre og dette fører til at arbeidsbelastninga for desse tenestene blir tilnærma konstant.

Det er behov for å heve kompetansen på ein rekke områder og ytle gare spesialisering for å kunne møte dei nye utfordringane. Personalet er kommunen sin viktigaste ressurs for å få til gode tenester.

Det blir stilt større krav og moglegheiter med godt utbygd IKT-løysingar, telemedisin og velferdsteknologi. Dette vil stille krav til kompetanse, ressursar og investeringsbehov. Ved å ta i bruk teknologi og samarbeid med spesialisthelsetenesta vil fleire kunne bli behandla i kommunen og få tenester i eigen heim. Det vil vere kostnader dei næraste åra til utbygging av nødnett, meldingsutveksling, helsenett med meir.

Brukarane og deira pårørnde er ein viktig ressurs både i eit helsefremjande - og eit rehabiliteringsperspektiv. Brukaren kjenner sjølv best kvar skoen trykkjer og det blir viktig å ha fokus på brukarmedverknad ved utforming av tenestetilbod. Godt samarbeid og involvering kan gje ei auka kjensle

av meistring og tilfredsheit, føre til færre symptom, betre livskvalitet med meir. Pårørande har kjennskap og kunnskap om brukaren/pasienten, dei tek ofte på seg omsorgsoppgåver og er ein viktig person i nærmiljø.

Eldrabølga (80+) vil etter prognosane slå inn i Hemsedal frå omlag år 2022. I åra framover må ein rekne med at tenesteytinga går frå institusjon over til heimebasert teneste. Dette i tråd med utviklinga og det at dei fleste ønskjer å bu heime så lenge som mogleg. Det blir fleire heimebuande med samansette, komplekse og kroniske lidingar. Dette vil krevje tett koordinering av tenestetilbod og høg kompetanse.

#### Samhandlingsreforma og Hallingdal lokalmedisinske tenester

Helse og omsorgstenestene må jobbe vidare med bli rusta til å møte nye utfordringar og krav som blir stilt gjennom samhandlingsreforma, nytt lovverk, nasjonale føringar og avtaleverk. Samhandlingsreforma har og innverknad på inntekts og utgiftsida til kommunen. Utgifter til medfinansiering har auka for kommunen sidan den vart innført. Insitamentet i reforma er at kommunen gjennom tidleg innsats og førebyggjande arbeid skal gje meir helsetenester i eigen kommune.

Hallingdal lokalmedisinske tenester jobbar vidare med fleire store samhandlingsprosjekt i perioden 2013-2016, som vil virke inn på organisering og tilbod på tenester innan helse og omsorg. I prosjektperioden blir det og brukt ein del ressursar på deltaking i ulike prosjektarbeid. Det vil og ha økonomiske konsekvensar.

Følgjande prosjekt er sett i gong:

- Intermediæravdeling, ø-hjelpsplassar
- Samarbeidsavtale
- Kompetanse-, læring og, meistringstenester
- Folkehelse og førebyggjande arbeid
- Demensomsorg
- Psykisk helse og rus
- Samarbeid med BUP

Det er eit mål at det skal bli inngått ei bindande samarbeidsavtale innan 1. januar 2014 som skal erstatte gjeldande intensjonsavtale.

Eit av måla både med samhandlingsreforma og prosjekt Hallingdal lokalmedisinske tenester er at ein skal desentralisere det ein kan og sentralisere det ein må.

#### Førebyggjande og helsefremjande arbeid

Samfunnsutvikling og samhandlingsreforma fordrar kommunen til å styrke førebyggjande og helsefremjande arbeid samt å leggje til rette for eigenmeistring. Samstundes som ein skal oppretthalde og vidareutvikle det tenestetilbodet som kommunen allereie gir.

Det er sett i verk mange tiltak og prosjekt for både vaksne og barn som det er viktig å vidareføre og vidareutvikle. Fysioterapitenesta har hatt prosjekt med fallførebyggjande trening, felles trening for tenestemottakarar i heimesjukepleie og sjukeheim. Friskliv har fleire ulike tilbod om gruppetrening og individuell trening. Psykisk helse er eit lågterskeltilbod, der det blir jobba for å skape sosiale møtearenaer.

I følgje omsorgsplan 2020 skal det leggjast større vekt på aktivisering både sosialt og fysisk og ei auka merksemd på brukaren sitt sosiale, eksistensielle og kulturelle behov. Frå 2015 har kommunen ein plikt til å ha aktivitetstilbod for eldre, funksjonshemma og andre som har behov for dette Det blir viktig å spele på lag med frivillige lag og organisasjonar samt oppretthalde og vidareutvikle dugnadsånden i lokalsamfunnet.

Frå sentralt hald er det satsa på utbygging av dagaktivitetstilbod for personer med demens, og dei har eit mål om å lovfeste kommunenes plikt til å tilby eit slikt tilbod. Aktivisering, både kulturelt, sosialt og fysisk krev tverrfagleg samarbeid, samarbeid med private aktørarar og frivillige lag og organisasjonar.

Det er i dei seinare år født fleire barn med forskjellige funksjonshemmingar/diagnosar/åtferdsutfordringar, som vil krevje ei heilskapleg og gjennomgåande tenesteyting mellom helse- og omsorg, familie, barnevern, barnehage og skule. Skal kommunen lykkast med førebyggjande arbeid må det satsast på tidleg intervensjon og felles grunnsyn.

Skulehelsetenesta og psykisk helse er ein god samarbeidspart for barnehage, skule, barnevern og andre instansar, både i det førebyggjande og psykososiale arbeidet for barn både på dagtid og fritid. Det er og ønskeleg å etablere oppsøkjande tenester / miljøarbeidarteneste for familiar som har behov for råd og rettleiing. Dette kjem fram og av gjeldande kommuneplan.

Helsestasjon og psykisk helse samarbeider med Familievernkontor både innan familierapi og med å arrangere samlivskurs.

Ved å styrke kompetanse og ressursar innan helsetasjonstenesta og psykisk helse, slik at dei kan jobbe meir førebyggjande og med tidleg intervensjon, vil dette kunne hindre kostnadskrevjande tiltak for barn og unge seinare i livet. I lovverk og nasjonale føringar blir det lagt vekt på styrking av skulehelsetenesta og psykisk helsearbeid.

#### Kvardagsrehabilitering

Kvardagsrehabilitering tek utgangspunkt i brukaren sine egne ressursar, ønskjer og personlige mål for tenesteutforminga. Tidlig tverrfaglig kartlegging av rehabiliteringspotensialet hos brukaren og tilsvarande tidlig og intensiv opptrening skal auke meistringsevna og reduserer behovet for hjelp frå det offentlege. Vanlegvis bør det opprettast eit tverrfagleg team som i samarbeid med heimetenesta står for opptreninga på brukarens naturlige arenaer, som er i heimen og nærmiljøet.

#### Omsorgsbustader, avlastningsbustad, bustader for eldre

Det er ei auke i personar som søker etter omsorgsbustad. Ein del av dei som søker ønskjer tryggleik og nærleik til tenestene. Utryggleik og angst hjå ein del brukargrupper fører til redusert livskvalitet.

Det er fleire born og unge der føresette har behov for avlastande tiltak. Pt er det 2 leilegheiter ved Bråtenjordet som blir nytta som avlastningsbustad. Det vil på sikt vere behov for å gjere bygnadsmessige endringar for å betre tilhøve for personell og brukarane av tenestene.

## 9.2 Felles mål for etaten

- Styrke tverrfagleg samarbeid ved å vidareutvikle fleirfagleg team og opprette ressursgrupper for brukarar med behov for samordning av tenester
- Utvikle tenester ved hjelp av ny velferdsteknologi
- Opprette tverrfagleg kompetansegruppe for kvardagsrehabilitering
- Vidareutvikle etisk refleksjon i alle einingane
- Styrke tverrfagleg samarbeid i høve til førebyggjande arbeid for barn og unge gjennom å delta i følgjande prosjekt
  - Kjærlyhet og grenser

- Barn i rusfamiliar
- Lekprosjekt
- Styrke forelderolle gjennom kurs i ICDP og godt samliv
- Vidareutvikle FUA- Fysisk aktivitet for inaktive barn og unge
- Ulike områder belyst i temaplan for bygdaheimen, helsesenter og kommuehus må utgreiast vidare.
- Utvikle aktiv omsorg og dagsenteraktivitetar
  - Prosjekt med dagsenteraktivitetar og sysselsetting gjennom samarbeid med inn på tunet tilbydarar
  - Tilbod om fysisk aktivitet som eit aktivitetstilbod til ulike alders- og brukargrupper innan friskliv/fysioterapi
  - Utvikle miljøterapeutiske tenester spesielt innan demensomsorg
- Styrke brukarmedverknad og ha eit godt samspel i utforming av tenester mellom tenesteytar, tenestemottakar og føresette/pårørande

### 9.3 Arbeidsmål for dei ulike fagområda

#### Administrasjon

Administrasjon består av 2 årsverk. I tillegg har gruppeleiarane frå 20-60 % administrativ tid i stillinga si.

Det er strengare krav til saksbehandling, journalføring, internkontroll/ kvalitetssystem innan alle områder. Det er auka krav til rapportering for dei ulike tenestene. Det er eit større omløp av pasientar, behov for å delta i ulike samarbeidsmøter både lokalt og regionalt. Det blir og brukt meir tid til dialog og samarbeid med brukar og pårørande. Det er og strengare krav om tettare oppfølging med sjukemeldte. Dette krev stadig meir ressursar og tid. Samtidig bør det vere tid til plan-, strategi- og utviklingsarbeid.

Tilsette er den viktigaste ressursen kommunen har for å gje gode tenester. Det er derfor viktig å bruke ressursar til personal- og kompetanseutvikling.

Temaplanen for området rundt Bygdaheimen, kommunehus og helsesenteret viser ein rekkje områder som er viktige å jobbe vidare med. Det er sett av midlar til vidare utgreiingsarbeid som bør settast i verk i løpet av 2014/2015.

#### Arbeidsmål i planperioden

- Arbeid med helse og omsorgsplan skal settast i gong
- Plan for demensomsorg skal reviderast
- Plan for dag- og aktivitetstilbod skal utarbeidast
- Tal på tilsette med fagkompetanse og vidareutdanning skal aukast i samsvar med kompetansebehov og kompetanseplan
- I samarbeid med tillitsvalte finne fleksible og gode arbeidstidsordningar som tek vare på både brukarane og tilsette sine behov, og som gir ei best mogleg kvalitativ og effektiv tenesteyting.
- Nytte prosjektarbeid for å styrke og utvikle tenestene.

#### Heimebaserte og Institusjonsbaserte tenester/sjukeheim

Hemsedal Bygdaheim har ca 22 årsverk inklusiv kjøkkenteneste. Kommunen tek i mot alle utskrivingsklare pasientar. Av 23 sengeplassar er 4 plassar definert til korttids- og avlastingsplassar. Utviklinga viser at fleire pasientar blir lagt inn på korttidsplassar, avlastning og ø.hjelpsplass/ observasjon frå lege eller heimesjukepleie.



Heimetenesta har ca 17 årsverk. Det er ei auke i utplassering av tryggingssalar. Det må og reknast med at fleire alvorleg sjuke ønskjer å få pleie og lindrande behandling heime. Dette vil stille krav til fleksible tenester og krav til kompetanse. Pr i dag har det ikkje vore behov for aktiv teneste i heimesjukepleie på natt. Det har vore etablert bakvakt som reiser ut når tryggingssalar blir utløyst.

Det er fleire brukarar som har behov for rehabiliterande tiltak som krev tett oppfølging, og der ein må samarbeide på tvers av tenestene.

Nasjonalt er det fleire av dei som oppheld seg på sjukeheim som har demensjukdom og psykiske lidingar.

Mange brukarar av helse og omsorgstenester er underernærte eller i ernæringsmessig risiko. Underernæring og feilernæring gir auka fare for andre sjukdommar, lengre rekonvalesent samt større pleietyngde og auka medisinske kostnader.

#### **Arbeidsmål**

- Styrke dagtilbod/ aktivitetstilbod både for dei som bur her, men og heimebuande og deira pårørande som treng avlasting på dagtid.
- Legeressurs i sjukeheim må styrkast i samsvar med behov.
- Vidareutvikle sansehage.
- Styrke kompetanse og samarbeide på tvers for å gje eit godt tenestetilbod for dei som har demensjukdom, psykiske lidingar, geriatri, palliasjon eller treng rehabilitering.
- Styrke kompetanse, prosedyrar og kartleggingsverktøy for å førebyggje underernæring, feilernæring.
- Oppsøkjande og førebyggjande teneste for alle personar over 70 år.
- Styrke heimetenesta/bygdaheim ved oppretting av aktiv nattvakt i heimetenesta.
- Opprette eit tverrfagleg ressursteam som kan styrke rehabiliteringstenester i heimen.

#### **Koordinerande eining**

Det er 2,8 årsverk. I eininga ligg overordna ansvar for koordinering av habilitering og rehabilitering, ansvar for kvalitets- og fagutvikling for heile etaten og oppgåva som folkehelsekoordinator for kommunen. Eininga har systemansvar for individuelle planar og ansvar for å koordinere tenester for personar med samansette behov. Eininga har det faglege ansvaret for oppfølging i høve til bruk av tvang og makt for personar utan samtykkekompetanse. Det er blitt jobba tett opp mot habiliteringstenesta, anna spesialisthelseteneste og Fylkesmannen. Eininga er og førstekontakt når det gjeld samhandling med sjukehus i høve til utskrivingsklare pasientar.

Det blir fleire komplekse og samansette problemstillingar som utfordrar kommunale tenester til å sjå heilskapleg og gjennomgåande på tvers av etatar, einingar og kompetanse.

#### **Arbeidsmål**

- Prioritere tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid
- Skape gode dagaktivitetar og sysselsetting for personar med psykisk utviklingshemming
- Prioritere kvalitets- og fagutviklingsarbeidet
- Systematisere e-læring og internopplæring
- Etablere kompetanse/fagstillingar innan livsstilsjukdommar som diabetes, overvekt, kols, med meir
- Tidleg innsats og koordinering for barn og unge med funksjonsnedsetting og åtferdsutfordring.
- Styrke og vidareformidle kompetanse på åtferdsutfordringar og diagnoser.

**Bråtenjordet – miljøarbeidarteneste og avlastningstiltak for barn og unge**

Eininga vart oppretta hausten 2012. Det er pr september 2013 ca 14.7 årsverk i eininga. Målet ved å etablere dette som ei eigen eining var å samordne miljøarbeidarteneste, offentlig avlastning for barn og unge og tilby forsvarleg teneste for dei som har store behov for praktisk bistand.

Det er etablert eit samarbeid med skule/barnehage og helse og omsorg for å sjå om vi kan samarbeide betre om ressursane for å få ei betre samordna og kvalitativ teneste.

Det er eit aukande behov og vekst der brukarar ønskjer å styre meir når dei tenestene dei har krav på. Dette vil føre til fleire BPA vedtak eller at kommunen må ha fleksible miljøarbeidartenester.

**Arbeidsmål**

- Tilpasse tenester og kompetanse ut i frå den einskilte brukaren sitt behov
- Gode sysselsettings- og aktivitetstiltak
- Systematisk styrking av brukarmedverknad

**Helsestasjon**

Helsestasjon har 3,4 årsverk. Helsestasjon er ei lågterskeltilbod for barn, unge og deira familie, og tenesta har ei viktig rolle i det førebyggjande arbeidet for barn og unge.

Helsestasjonen har opparbeid seg kompetanse og brukt ressursar til foreldrerettleiing ICDP og godt samliv. På grunn av prosjektmidlar har det og vore mogleg å styrke skulehelsetenesta mellombels. Dette er eit viktig tiltak som gir god førebyggjande effekt og avlastar andre tenester.

Det er og ønskjeleg å etablere oppsøkjande tenester / miljøarbeidarteneste for familiar som har behov for råd og rettleiing.

Helsestasjonen har og mykje oppfølging med busette flyktingar og bebuarar på asylmottaket. Kommunen vil ha behov for å tileigne seg fleirkulturell kompetanse innanfor fleire fagområder. Mange har utfordringar med si psykiske helse.

Dei siste åra har det vore ei auke i talet på nyfødde og born. Nybakte foreldre blir raskare skrivne ut frå sjukehus. På grunn av lange avstandar kan ikkje mor og barn nytte det polikliniske tilbodet til sjukehusa. Dette fører til at kommunen sin helsestasjonsteneste må følgje mor og barn tettare opp.

**Arbeidsmål**

- Helsestasjonen må ha tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse til å jobbe med førebyggjande tiltak og tidleg intervensjon både innan:
  - Skulehelseteneste
  - Råd og rettleiing i heimen
  - Oppfølging av nyfødde og deira foreldre
  - ICDP/ foreldrerettleiing
  - EDPS
- Fleirkulturell kompetanse
  - Førebyggjande arbeid med råd og rettleiing til barnefamiliar.
  - Kjønnslemlestelse

**Psykisk helse**

Eininga har 4,5 årsverk med god og brei kompetanse. Dei har og ansvar for rusomsorg. Psykisk helse har mellombels fått kontor på kommunehuset på grunnmangel på kontor på helsesenteret.

Det er fleire som har rusproblematikk i Hemsedal. Det er viktig å jobbe førebyggjande og med tidleg intervensjon i høve til barn og unge i høve til rus og dop. Hemsedal kommune er med i prosjekt «barn i rusfamilie». Det er viktig at dette prosjektet blir godt forankra og vidareutvikla i kommunen. Det blir etablert eit samarbeid med politiet for å følgje opp barn og unge som har behov for tettare oppfølging.

I 2013 vart det ei styrking av psykisk helseteneste spesielt innan kommunalt rusarbeid og bustadsosialt arbeid gjennom prosjektmidlar og styrking gjennom statlege rammer. Det vart samstundes vedteke ein rusmiddelpolitisk handlingsplan med ei rekkje tiltak både innan førebyggjande arbeid.

Det er fleire som slit med angst og depresjon. Dette gjeld ikkje minst barn og unge. Det er fleire som kjem til Hemsedal som treng oppfølging. Det er og eit behov for rettleiing og tverrfagleg samarbeid med andre einingar og tverrfagleg samarbeid med spesialisthelseteneste.

Det er blir satsa på det førebyggjande arbeidet i psykisk helse. Prosjekt som LEK, dagsenteraktivitet, gruppeaktivitetar/sosiale møtearenaer og sommarmoro bør vidareutviklast og bli eit fast tiltak.

Det er mange som bur på asylmottak som har trauma og angst og som treng ein god del oppfølging.

#### **Arbeidsmål**

- Vidareutvikle dagsentertilbod og sosiale møtearenaer for ulike brukargrupper
- Vidareutvikle tenesta med førebyggjande arbeid samt vere eit lågterskeltilbod for dei som har behov.
- Styrke kompetansen og vidareutvikle tenesta innanfor rusomsorg i samsvar med behov og tiltak vedteke i rusmiddelpolitisk handlingsplan.

#### **Legeteneste**

Det er i dag 3 fastlegeavtaler, og kommunen sin dekningsgrad ligg på gjennomsnitt. Pr i dag blir det nytta 14,5 timer til allmennpraktisk arbeid.

God legeteneste og dyktige fastlegar er viktig for å lykkast med mange av måla i samhandlingsreforma. Det er behov for legar med brei generalist kompetanse, men sidan det er fleire skader enn det som er gjennomsnitt er det viktig at legar er gode på ortopedi. Sidan det er mange sesongarbeidarar, turistar og personar som oppheld seg her over lengre tidsrom vil ein rekne med at dekningsgraden på legetenesta i Hemsedal er lågare enn snittet. Med få legar blir arbeidspresset stort. Sesongen er og blitt utvida, og dermed blir perioden med normalsituasjon mindre. I prosjektrapport for lokalmedisinsk senter vil utvida legevaktsamarbeid i Hallingdal bli vurdert. Det blir og anbefalt at legevakt har sjukepleiar eller anna kvalifisert personell. Med dagens legevaktsordning vil dette krevje ca 1,5 stilling. I tillegg kan ny fastlegeforskrift og ny legerolle medføre at det må vurderast å auke talet på legar.

Legekontora har behov for meir areal. Dette er belyst i temaplan. Behov for telemedisin og utstyr som røntgen med meir kan bli ein stor kostnad for kommunane.

#### **Arbeidsmål**

- Vurdere kommunelegen sin rolle og ansvarsområde både lokalt eller ved interkommunalt samarbeid for å imøtekome samfunnsutviklinga.
- Vurdere fastlegeheimlane for å imøtekome etterspurnad etter legeteneste og krav til samarbeid med andre tenester.
- Gjennomføre ei analyse korleis legevakta i Hemsedal skal organiserast lokalt og interkommunalt med tanke på personell og utstyr.

### **Fysioterapi og Friskliv**

Det er 3,3 årsverk i eininga. 2,3 årsverk er fysioterapeutar, 0.7 årsverk som frisklivskoordinator og 0.3 årsverk som miljøarbeider. I tillegg er det 100 % privatpraktiserande fysioterapeut med driftstilskott.

Det er i inneverande år blitt jobba systematisk for å få ventelistene ned. Samstundes blir pasientar skrivne tidlegare ut frå sjukehus, og kjem heim til rehabilitering. Hemsedal har fleire skader i muskel og skjelett enn det som er gjennomsnittleg. Dette vil krevje ressursar, kompetanse og eit auka behov for kommunale hjelpemiddel. Rask og god behandling er samfunnsøkonomisk lønnsam ved at innbyggjarar fortare kan kome seg ut i aktivitet og arbeid.

Eininga er ein pådrivar og igangsetter av førebyggjande- og folkehelseiltak. Det er etablert fallførebyggjande trening / kurs for eldre. Det er frå hausten etablert eit samarbeid med fysioterapitenesta, friskliv, psykisk helse og helsestasjon om tilbod om fysisk aktivitet for overvektige og inative barn. Det er og ønskjeleg å få til eit samarbeid med barnehage for å skape gode fysiske aktivitetar for barn i barnehagealder.

Friskliv i Hallingdal har fått prosjektmidlar for å få i gong fysisk aktivitet for å førebyggje diabetes.

### **Arbeidsmål**

- Korte ventelister og raskt tilbod om førstegongsvurdering.
- Vidareutvikle gruppetrening for ulike grupper som eit supplement til behandling.
- Tilby fysisk aktivitet som eit ledd i dagsenteraktivitet, fysisk aktivitet
- Tilby bassentrening gjennom fysioterapi og friskliv for bestemte brukargrupper som eit ledd i førebyggjande arbeid
- Sikre eit forsvarleg kommunalt hjelpemiddellager.
- Samarbeid med andre einingar, dei andre kommunane i Hallingdal og frivillige lag og organisasjonar om tilbod innan friskliv og førebyggjande tiltak for alle aldersgrupper, ikkje minst innan kosthald, røykeslutt og livstilsending.

## **9.4 Utvida KOSTRA- tal for 2012**

Tabellene viser utvalde nøkkeltal for helse og omsorgstenesta. Tala gir ein peikepinn på kor Hemsedal kommune ligg i høve til andre kommunar i utvalet, men det kan ligge forskjellar i tala som er innrapportert.

Kommunehelse	Hemsedal 2010	Hemsedal 2011	Hemsedal 2012	Gol 2012	Nes 2012	Gruppe 2 2012	Landet 2012
<b>Prioritering</b>							
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	3698	3689	4512	3919	2628	2887	2094
Netto driftsutgifter i prosent av samlede netto driftsutgifter	7,4	6,7	7,3	7,5	5	5,3	4,3
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år	13571	7302	11073	10500	13316	8285	6678
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år	4028	2289	3337	2671	2896	2165	1835
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger	688	549	673	192	174	125	139
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger	1944	2520	2947	3070	1779	2200	1467
Brutto investeringsutgifter pr. innbygger	680	0	0	64	47	93	22
<b>Dekningsgrad</b>							
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	14,5	13,9	14	14	14,6	12,1	9,9
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	15	12,6	14,4	8,1	7,6	9,3	8,6
<b>Produktivitet/Enhetskostnader</b>							
Brutto driftsutgifter pr. innbygger. Funksjon 232, 233 og 241	4687	4871	5304	5493	3461	3814	2603
Herav. lønnsutgifter pr. innbygger. Funksjon 232, 233 og 241	2916	2891	3429	4228	1900	2360	1493
Brutto driftsutgifter per innbygger 0 - 5 år. Helsestasjons- og skolehelsetjeneste.	16494	8852	13084	13428	15828	9306	7287

Pleie og omsorg	Hemsedal 2010	Hemsedal 2011	Hemsedal 2012	Gol 2012	Nes 2012	Gruppe 2 2012	Landet 2012
<b>Prioritering</b>							
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	23,6	23	22,8	28,8	41,7	33,4	31,7
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til pleie	62	62	56	45	17	47	45
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til pleie	34	35	41	48	83	49	49
Aktivisering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til pleie	4	3	3	6	1	4	5
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	11817	12726	14013	15007	22090	18124	15289
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over	277890	298463	346278	273578	309710	318134	339698
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over	98397	105799	114158	90486	123180	111973	111064
<b>Personell</b>							
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning	72	63	61	63	62	76	74
Korrigerede brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgstjenester	349864	356906	469093	215294	448763	337951	356599
Lønnsutgifter pr kommunalt årsverk ekskl. fravær, pleie og omsorg	645513	679652	608290	614388	653078	610251	642375
Årsverk ekskl. fravær i brukerrettede tjenester pr. mottaker	0,39	0,44	0,78	0,3	0,61	0,45	0,48
<b>Produktivitet/Enhetskostnader</b>							
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	..	..	2571	2348	4708	2584	2809
Andel kommunale institusjonsplasser av totalt antall institusjonsplasser	100	100	100	100	100	99,1	91,9
Korrigerede brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	780750	860208	894739	1149375	1207154	921681	959213
Korr.bto.driftsutg, pleie, av korr.bto.driftsutg, institusjon	87,1	86,8	88,2	96,2	95,6	90,4	90,8
Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerede brutto driftsutgifter	13,9	12,4	12,8	13,7	2,2	13,2	14
Netto driftsutgifter til aktivisering/støttetjenester per innbygger 18 år og over (f234)	577	452	618	1205	250	928	1026
IPLOS - Utdypende indikator basert på ny informasjon fra IPLOS							
<b>Bruksrater og brukersammensetning</b>							
Andel brukere (ekskl. langtidbeboere på institusjon) med individuell plan	..	..	7,4	7,9	11	9,8	10,8
Andel av brukere (%) med noe/avgrenset bistandsbehov	44,4	48,2	49,3	29,7	50,5	47,1	44,1
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov	22	22,1	29,3	21	19,9	22,5	23,6
Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand	3	7,8	11,3	19,7	8,1	6,8	7,8
Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, hjemmesykepleie	4	4,2	4,4	5,5	6,5	4,3	4,7

## 10 TENESTEOMRÅDE TEKNISK

Teknisk etat omfattar mange ulike fagfelt, som samla har ansvar for samfunns- og arealplanlegging, investering- og drift av kommunal infrastruktur, tilrettelegging for bustad- og næringsutvikling, samt ei rekkje forvaltningsoppgåver knytt til nemnde fagområder. Pr. 1. september 2013 har ein 21 tilsette (Eigedomsavd. inngår i sentraladm.).

### 10.1 Sentrale utfordringar for etaten

Etaten sine hovud utfordring er å

- balansere etaten sitt forvaltnings- og tenestetilbodet ifht nasjonale og lokale forventingar med eigenkompetanse og ressursar i ei tid med auka innbyggjartal og kundekontakt
- halde på,- rekruttere og vidareutvikle eit godt fagmiljø innan etaten sine kjerneområder
- følgje opp kommunale investeringsplaner frå prosjektering, til gjennomføring i forhold til bemanning og ressurstilgang
- vidareutvikle interkommunalt samarbeid innan etaten sine fagområder som lekk i å betre service, halde på og vidare utvikle kompetanse

#### 10.1.1 Vassforsyning, avløpshandtering og vassmiljø

Vatn er vårt viktigaste næringsmiddel der tilstrekkeleg og sikker vassforsyning med god kvalitet er ein av våre viktigaste kommunale oppgåver. Etaten treng ein langsiktig strategisk plan for å sikre forsvarlig avlaupshandtering og oppretthalde tilfredsstillande miljøkvalitet i resipientane. Gjeldande hovudplan for vassforsyning samt avlaup og vassmiljø gjaldt i planperioden 2004-2008. Planane er ikkje revidert sidan den blei vedtatt og er på fleire område utdatert eller for lite detaljert. Generelt skal hovudplan for vatn og avlaup ta for seg kva område det skal satsast på i sektoren dei neste 12 åra. Hovudplanen skal innehalde 2 deler, «Vassforsyning» og «Avlaup og Vassmiljø». **Felles hovudelement** i planane er:

- Planlegging av verksemd og oppgåver
- Investeringar og budsjett
- Kva nivå tenestetilbodet skal ligge på
- Budsjettutvikling
- Gebyrutvikling – Kor mykje innbyggjarane skal betale i årlige avgifter

Utarbeiding av ein hovudplan er svært tids- og ressurskrevjande. Arbeidet med planen har vore prioritert for 2013, men me ligg på etterskot med oppstart grunna knapphet på ressursar. Hovudplanen for VA kan finansierast over sjølvkostområdet (innarb. i vatn- og avlaupsgebyret).

#### 10.1.2 Kommunale vegar

Hemsedal kommune har relativt få kommunale vegar, gater og gangvegar. Det vert likevel lagt ned betydelege ressursar i vedlikehald og investering i nye vegar kvart år og til saman representerer vegenlegga fleire titals millionar kroner i nyverdi. For at desse verdiane skal forvaltast på best mogeleg måte, er det eit klart ynskje at det føreligg eit godt styringsdokument, som er politisk forankra, som verktøy i vegforvaltninga. Eit slikt styringsdokument kan kallast «Hovudplan for veg».

I ein slik plan er det ynskje å fokusere på drift,- vedlikehald og forvaltningskostnader i samanheng med investeringar. Ein må og synleggjere tiltak for ulike trafikantar og gje grunnlag for å foreta dei prioriteringar som alltid må gjerast. Vidare bør planen gje ein total oversikt over mengder og ulike element, samt at den skildrar tilstand, standard og verditap vurdert ut frå levetidsbetraktningar. Hovudplanen skal samordnast med Trafikktryggleiksplan. Det bør settast av tilstrekkeleg med tid og ressursar til å utføre arbeidet.

### 10.1.3 Miljø

Miljøet er i endring som følgje av klimaendringane. Korleis skal me ta høgde for dette i arbeidet med å ta vare på dei naturkvalitetane og landskapa som ikkje toler høgare temperatur og følgjene av dette? Generelt må me få miljø meir i fokus blant bedriftene. Heilskapeleg tankegang der bærekraft og næringsmessig vinst vert knytt saman. Miljøsertifisering med fokus på energieffektivisering og kjeldesortering er framtidsretta og i tråd med statlege strategiar.

Vedteke energi- og klimaplan for Hemsedal kommune, frå 19.01.2012, sak 17/12 må følgjast opp. Vindkraft- og vasskraftverk som krev konsesjon etter energilova, vassressurslova eller vassdragsreguleringslova er omfatta av plan- og bygningslova, men det er ikkje lenger reguleringsplikt for slike anlegg. Ved fornybar energi og forvaltning av vassressursane for småkraftverk er det NVE (Norges vassdrags – og energidirektorat) som gjev konsesjonar. Kommunen kjem berre inn i bilete som uttalepart. Derfor er derfor viktig å sjå heilskapen av vasskraftressursane i kommunen og få til ein konsekvensprosess gjennom kommuneplanarbeidet for småkraftverkutbygging.

Me må ha kontinuerleg fokus på problemområder i kommunen, og øyremerke tilstrekkeleg med ressursar til å følgje opp saker, informere og gjennomføre tiltak for å stogge forsøpling og forureining. Ein er i dag ikkje kjent med at motorisert ferdsel i utmark skjer i strid med lov og forskrift, men det er grunn til å tru at snøscooter i rekreasjonssamanheng vil verte satt meir på dagsorden i tida som kjem.

Sett bort i frå kulturlandskapet (som er relativt godt kartlagt) og vilt (relativt godt kartlagt) har kommunen liten kunnskap om artsinventaret i skog, myr og fjell i Hemsedal. Ved inngrep av ein viss storleik kan kommunen leige inn hjelp til å synleggjere og dokumentere naturverdiar, eller kommunen kan «anta» kva som fins av kvalitetar og fatte vedtak på bakgrunn av dette. Dette følgjer også av naturmangfaldlova med krav om kunnskap for gitte område.

### 10.1.4 Private avlaup, spreidd og opprydding av desse

Utvalde vassområde som blir avdekka i samband med arbeidet i vassområde Hallingdal, vil bli viktig i arbeide framover. Brukarinteresser knytt til ulike vassdrag er vesentleg i denne samanhengen. Det bør gjennomførast tiltaksanalyser og revisjon av våre miljømål. I fleire vassdrag i kommunen er det behov for å redusere forureiningstilførslane for å betre miljøkvaliteten. Tiltaksanalyser og miljømåla bør leggjast til grunn for val og prioritering av tiltak i hovudplan avløp.

Det vert stilt store krav til kompetanse, kapasitet og organisering i kommunane innanfor fagområde vatn- og avlaup (VA) i spreidd områder (bustad/ fritidseiningar). Lovforvaltning knytt til små reinseanlegg og kontroll av bedriftene sine påslepp gir kommunane faglege utfordringar, i tillegg vil avlaupsanlegg ved spreidd busetnad by på ressursmessige, organisatoriske og miljømessige utfordringar. Ny vassforskrift sett fokus på heilskapeleg vassforvaltning. Vassområde Hallingdal har satt i gang arbeid med slik vassforvaltning. Alle inngrep, påverknader og tiltak på vatn i Vassområde Hallingdal skal samlast i ein plan, og planen skal få alle til å trekkje saman for å sikre og forbetre vasskvaliteten i vårt område, og i et nasjonalt perspektiv. I tråd med vassforskrifta, basert på EU sitt rammedirektiv for vatn, vert det føresett at vassressursane skal framstå som minst mogleg påverka. Føremålet med avlaupsdelen i forureiningsforskrifta er å beskytte miljøet mot uheldige verknader av utslipp av avløpsvatn.

Kommunane i Hallingdal er små einingar og har få fagfolk innan VA-faget. Kompetanse og kapasitet er ein flaskehals for å få utført oppgåvene. Dei tilsette innanfor VA-faget har allereie ein mangfaldig og travel arbeidskvardag overfylt med oppgåver. Det er likevel ikkje lov for ein kommune å unnlata å utføre oppgåver grunna ressursmangel. Dersom kommunen ikkje har ressursar eller kompetanse, har kommunen plikt til å skaffe seg dette. Det vert difor, etter initiativ frå Hemsedal jobba vidare regionalt med eit felles regionalt prosjekt for å greie ut om det er grunnlag for å få etablert eit felles avløpskontor, interkommunale organ eller anna form for samarbeid med andre kommunar for å sikre seg kompetanse, fagmiljø og resursar til å ivareta ansvar for desse oppgåvene. Dette er og i tråd med Strategisk Plan for Hallingdal.

### 10.1.5 Næring, reiseliv og landbruk

I medhald av samfunnsdelen skal det takast vare på den særeigne naturen og kulturen som pregar bygda og utvikle Hemsedal sitt mangfaldige næringsliv med vekt på reiseliv og landbruk. Det står vidare at reiseliv og landbruk er hovudnæringane i bygda, og at kommunen skal hegne om eit aktivt landbruk som grunnlag for produksjon av mat av høg kvalitet og eit kulturlandskap til beste for innbyggjarar og turistar. Kommunen skal gje rammevilkår for eksisterande næringsliv og styrke samspelet mellom næringane i kommunen. I tillegg til lokale føringar gjennom Hemsedal sine eigne planar vert det frå nasjonalt hald fokusert på t.d. jordvern, biologisk mangfald, kulturlandskap, auka bruk av trevirke i Norge.

Innan primæringar har tal arbeidsplassar frå 1988/1990 -1999/2000 og 2009/2010 vorte redusert med 240 arbeidsplassar. I arbeidet med ny næringsplan har landbruksnæringa ein sentral plass. Kjente utfordringar er mellom anna pressa lønnsemd, rekruttering til næringa, «overflødige landbruksbygg», arealforvaltning og attgroing av kulturlandskapet. Det trengs å legge til rette for utvikling av landbruket, og tilleggsnæringar til landbruket som t.d. inn på tunet / grøen omsorg.

Kommunen har vedteke å utarbeide Beitebruksplan for kommunen, men det står att noko arbeid med å slutføre arbeidet. Målet er ein slik sektorplan er å dokumentere verdien av utmarksbeite i næringa, sikre beitenæringa areal i framtida, samt setja fokus på tiltak som styrker beitenæringa og førebygger og reduserer konflikter.

Hemsedal kommune har gjennom gjentekne politiske vedtak vektlagt buplikta i kommunen. Administrasjonen arbeider med handheving av buplikta etter fylgjande prioritering:

1. Bustadeigedomar i regulert område
2. Landbrukseigedomar
3. Bustadhus utanfor regulert område.

Det vert køyrt ut lister der GAB- registeret (Norges offisielle eigedomsregister og Folkeregisteret vert køyrt mot kvarandre og produserer ei analyse over bustadeigedomar som står utan fast busetjing. Det er køyrt slike uttrekk i okt. 2008, juni 2011 (35 stk. fikk 1. brev) og mars 2012 (18 stk. fekk oppfølgjingsbrev). Eigarane av eigedomane på lista vert tilskriva og bedt om å opplyse om bruken av bustaden, og kvifor det ikkje er registrert fast busetjing på eigedomen. Svarene viser at det er mange ulike årsakar til at buplikta ikkje er oppfylt. Det kan vera at buplikta er oppfylt, men at det ikkje er registrert flytting til Folkeregisteret, utleige til sesongarbeidarar som ikkje melder flytting, bustaden vert pussa opp, problem med å få utleigd til fastbuande m.m. Kunn i eit mindretal av bustadane kan ein konkludere med misbruk som fritidsbustad.



Sakene der det viser seg det er misbruk må fylgjast opp enkeltvis – eit mykje ressurskrevjande arbeid.

Også motsett problemstilling dukkar opp ved at det vert meldt flytting til fritidsbustadar. Dette er i strid med regulert formål på lik linje med manglande fast busetjing i bustadhus, og kan m.a. vera uheldig på bakgrunn av dimensjonering av avlaupsanlegg, skuleskyss, renovasjon m.m. Bustad- og tomtesalet i kommunen har også stagnert, og flytting til fritidsbustadar er uheldig i ein situasjon det folk har problem med å få selt bustadhusa sine. Skal ein prioritere å kartlegge talet busette på fritidsbustadar i kommunen, og fylgje opp dette krev også dette arbeidsmessige ressursar.

Hemsedal kommune er ein turistkommune, og mykje av turismen vår er tufta på skiaktivitetar og friluftsliv. Hemsedal er også ein kommune med vekst i folketalet og aktive innbyggjarar. Kommunen har frå tidleg på 1990 talet Turvegprosjektet (1992) og Skiløyper i Hemsedal (1993) som omhandlar skiløyper og turvegar. Då planlegging lokalisering og tilrettelegging av turstigar og skiløyper er viktig, både i høve til grunneigarar og andre interesser er det viktig med ein vedteke stig – og løypeplan. Arbeidet er godt i gang, og ein slik plan vert venta godkjent til vinteren. Skal ein søkje om Friluftsmidlar/ Tippemidlar knytt til sti- og løypearbeid krevjast ein godkjent plan.

### 10.1.6 Hytte og fritidseigedommar

Hemsedal er ein stor hyttekommune, og det er om lag like mange hytteeigarar som fastbuande i bygda. Fritidsbustadundersøkinga frå 2007 viser også at hytteeigarane har ein høg bruksfrekvens – på heile 60 døgn i året. Undersøkinga viser også at hyttefolket representerer stor kjøpekraft, og er ein viktig forklaring på omsetning i detaljvarehandelen. Signal frå hyttefolket, ikkje minst frå ulike hyttemøter syner stort engasjement. Hyttefolket bryr seg, og ønskjer å ta del i utviklinga av bygda. Hemsedal kommune manglar ein bevisst hyttepolitikk. Korleis leggje tilhøva til rette for hytteeigarar som ressurs? Hytteeigarar som ressurs må vere eit tema i høve kommunal planlegging. Aktuelle spørsmål er;

- Kompetanse – og Business to business nettverk
- Hytta som bustad
- Spørsmål om fellesgodefinansiering og prioritering av fellesgoder
- Organisering/- kommunikasjon – korleis samhandle meir med hyttefolket
- Eigedomsavgift/ beskatning
- Hytteeigars rettigheter – heimehjelp etc. på hytta

### 10.1.7 Næringsfond og næringsplanlegging

Arbeidet med ein Strategisk Næringsplan for Hemsedal vil bidra til meir heilskapleg næringsforvaltning. Sidan næringsfondet kan finansiere kommunalt næringsarbeid, prosjekt og bedriftsretta tiltak må ein sjå bruken av fondet i samheng med heile næringsarbeidet i kommunen.

Næringsplanen skal konkretisere strategiar og tiltak som administrasjonen kan prioritere arbeidet sitt etter (lang og kort sikt). Bruken av næringsfondet har i fleire år vore større enn konsesjonsavgiftene (inntektsida til fondet), samt utbytte frå Hemsedal Energi. Konsesjonsavgiftene vert justert kvart 5. år i tråd med konsumprisindeksen, og vert justert opp i 2014. Det er viktig for rådmann å leggje fram eit budsjett for næringsfondet som tek sikte på å byggje opp att fondskapitalen.

For inneverande budsjettår er det lagt til grunn eit uttak frå Hemsedal Energi på samla kr. 1.000.000,- der

kr. 700.000,- vert øyremerka ymse nærings tiltak, og kr. 100.000,- vert øyremerka ENØK- tiltak. Sist nemnde vert redusert med kr. 400.000,- i høve budsjett for 2013. Dette er gjort dels sidan etterspurnaden etter ENØK- tilskot synast å flate noko ut, samstundes med at ein ønskjer å sikre ein større del av løyvingane til å bygge opp næringsfondet, eller yte stønad til andre føremål. Ein kan truleg ikkje basere seg på så store uttak frå Hemsedal Energi fast. Mykje av næringsfondet si avkastning er bunde opp i øyremerka tilskot til prosjekt/ aktiviteter med næringsverdi. Dette sett særskilte krav til framtidig forvaltning av næringsfondet.

I utgangspunktet skal ikkje næringsfondet gå til drift. Stønad til Hemsedal Utmarksservice og Trøym Stadformingsplan AS bør helst dekkast over drift. For 2014 finn ein likevel ikkje rom til å dekkje dette over drift. Rådmannen rår difor at ein framleis yter stønad til desse via næringsfondet. Arbeidet med Sti- og løypeplan vil syne eit stort vedlikehaldsbehov for ei rekkje stiar og turløyper. Døme kan vere stien opp til Skoghorn. Kommunen har eit overordna ansvar for stier og løyper, og det vert ei utfordring å finansiere dette arbeidet i samarbeid med grunneigarar og næringslivet. Rådmannen legg difor til grunn ei auke i tilskot til Hemsedal Utmarksservice på kr. 50.000,- både for å kompensere for kostnadsutviklinga, men også for å møte nye driftstiltak (løypekøyring, vedlikehald m.m.). Utmarkstilsynet sitt reelle behov må også sjåast i samheng med ny sti- og løypeplan.

Kostnader i regi av Trøym Stadformingsplan (blomstertsell, parkfunksjon, søppelplukking etc) vert fakturert kommunen i høve kommunen sin eigarandel i selskapet. Rådmannen legg til grunn ei auke i tilskot for å møte den generelle kostnadsutviklinga i samfunnet.

Hemsedal Turisttrafikklag har søkt om ei reforhandling av vertskapsavtala for 2014. Samstundes har Hemsedal kommune takka nei til Hallingdal Reiseliv sin nye forretningsplan (Visit Hallingdal). Rådmannen føresett same samla ramme til destinasjonsutvikling som i 2013, men foreslår at ein større del av tilskotet som har vorte løyvd til Hallingdal Reiseliv i staden vert kanalisert til Hemsedal Turisttrafikklag. Rådmannen vil samstundes rå til at det vert øyremerke kr. 50.000,- til mogelege regionale aktiviteter/ prosjekt retta mot reiselivsbaserte samarbeidstiltak. Endeleg storleik på tilskot til Hemsedal Turisttrafikklag bør mellom anna sjåast i samheng med kva for oppgåver Hallingdal Reiseliv skal ha framover. Rådmannen legg elles til grunn at auken i tilskot til Hemsedal Turisttrafikklag også skal dekke framtidig skibusstilbod.

Tilrettelegging for næringsutvikling inneber aktiv arealplanlegging. Me ser at kommunen nyttar store summer årleg til lønn, utgreiingar, eller juridiske avklaringar. Det vert tilrådd å nytte kr. 450.000,- frå næringsfondet til å dekke årleg arealplanlegging.

Samla oversikt syner da at kommunen årlig tilfører grunnkapitalen med omlag kr. 300-500.000,- i tillegg til årleg å ha ca. kr. 200.000,- til fri bruk i tråd med retningslinjene for næringsfondet utover det som allereie er øyremerka til ymse prosjekt og tiltak.

Groveroversikt -næringsfondet pr. 19. nov 2013		###	##	2013	2014	2015	2016	2017
Basert på budsjett og vedtak gjort i 2013								
<b>Inngående saldo 01.01.2013</b>	<b>Teneste</b>			<b>4 263 713</b>	<b>4 486 149</b>	<b>4 812 790</b>	<b>5 212 355</b>	<b>5 621 140</b>
Avsatt konsesjonsavgifter (budsj)				2483700	2754000	2754000	2754000	2754000
Avsatt Hemsedal Energi Næring				500000	900000	900000	900000	900000
Avsatt Hemsedal Energi ENØK				500000	100000	100000	100000	100000
Sum inntekter				3483700	3754000	3754000	3754000	3754000
Aktivitet barn og unge	<b>2010.2311</b>			-56 000	-56 000	-56 000	-56 000	-56 000
Plansakbehandling (Arealplanlegger)	<b>3010.3011</b>			0	-450 000	-450 000	-450 000	-450 000
Næringsforvaltning	<b>3400.3251</b>			-233 000	-233 000	-233 000	-233 000	-232 999
Sum				-289 000	-739 000	-739 000	-739 000	-738 999
<b>Tilskudd til næringsstøtte</b>	<b>3400.3252</b>							
Trøim Stadformingsplan				-130000	-150000	-150000	-150000	-150000
Hemsedal Utmærkservice				-375 000	-425000	-425000	-425000	-425000
Hallingkost BA				-30770	-15385			
Hallingdal Etablerersenter -				-50000	-55000	-55000	-55000	-55000
Tilskot ymse jordbruksfremål - årleg ramme inkl F-ring				-250000	-250000	-250000	-250000	-250000
Prosjekt "Hemsedal Veksthus" (nettoverknad)				-100000	-80000	-80000	-80000	
HTTL - Transportprosjekt				-50 000				
Tilskot andre næringar - rest/ småløyvingar				-200 000	-200000	-200000	-200000	-200000
Tilskot Norges Friluftshøgskole				-50 000	-50 000			
EU- vanddirektiv - F-sak 79/10-K-sak 125/10				-31 500	-31500	-31500	-31500	-31500
Prosjekt "Ta vare på Hemsedal" jfr F-sak				-30 000	-30000	-30000	-30000	-30000
Løyvingar ENØK				-371 720	-100000	-100000	-100000	-100000
Tilskott Næringsforum - møteplasser				-25 000	-25000	-25000	-25000	-25000
<b>Sum tilskudd næringsstøtte</b>	<b>3400.3252</b>			<b>-1693990</b>	<b>-1411885</b>	<b>-1346500</b>	<b>-1346500</b>	<b>-1266500</b>
<b>Hallingdal Reiseliv - utbet</b>	<b>3400.3256</b>			<b>-196667</b>	<b>-50000</b>	<b>-50000</b>	<b>-50000</b>	<b>-50000</b>
<b>Hemsedal HTTL eks mva</b>	<b>3400.3256</b>			<b>-830000</b>	<b>-980000</b>	<b>-980000</b>	<b>-980000</b>	<b>-980000</b>
Landbruksforvaltning	<b>3400.3291</b>			-350 000	-350 000	-350 000	-350 000	-350 000
Sum anna bruk av fondet				-1376667	-1380000	-1380000	-1380000	-1380000
Total bruk av fond basert på pol.rammer				-3 359 657	-3 530 885	-3 465 500	-3 465 500	-3 385 499
<b>Årlig diff. inntekt fondet og bruk</b>				<b>124 043</b>	<b>223 115</b>	<b>288 500</b>	<b>288 500</b>	<b>368 501</b>
Renter stipulert				98 393	103 527	111 064	120 285	129 719
Overført				222 436	326 642	399 564	408 785	498 220

### 10.1.8 Utbyggingspolitikk

I vedteke planstrategi er nærmare analyse og vurdering av framtidig varme- og kalde sengs politikk prioritert. Kommunen vert stadig utfordra på ei betre grunngeving av det omfang me har av varme senger – da spesielt i høve til dagens og framtidig marknad. Eit anna spørsmål er i kva grad administrasjonen klarer å kontrollere og følgje opp forvaltninga av «varme/ kaldsengspolitikken». Erfaringane så langt er at me har liten kapasitet til dette. Stadig fleire peiker på behovet for å få inn fleire og billigare hytter som ledd i ny næringsutvikling (nye investeringar), men også betre blanding mellom varme og kalde senger. Svare frå ei analyse, eller vurdering av tema vert uansett usikkert sidan framtidig marknad er vanskeleg å spå. Hemsedal, har saman med Hol kommune fått utarbeida ei analyse som har skaffa noko meir kunnskap om problemstillingane. Analysen gir anbefalingar som kommunen i samband med framtidig utbyggingspolitikk og arealforvaltning må innarbeide i kommuneplanens samfunns- og arealdel.

Det er viktig å sjå planarbeidet i samanheng med samfunnsutviklinga generelt. Mykje av føresetnadene for

utvikling i aksen Trøim sentrum – Hemsedal Skiheiser har stoppa opp. Realisering av sentrale infrastrukturinvesteringar er ikkje gjennomført grunna manglande etterspurnad/ sal av sentralt lokalisert sengekapasitet. Signal frå næringa er at etterspurnaden etter både varme og kalde senger har stoppa opp. Dette påverkar også anleggsbidraga frå HIAS (HIAS er eit selskap for felles gjennomføring av infrastruktur). Som fylgje av utbyggingar i skiheis – og skiheisnære område, der det er etablert utbyggingsavtale mellom HIAS og kommunen som i fellesskap står for nødvendige infrastrukturinvesteringar jfr. gjeldande utbyggingsavtaler. Aktuelle ikkje realiserte tiltak beskrivne som vedlegg 4 og 5 i utbyggingsavtala er:

- Utviding av Holdebakken høgdebasseng
- Kryss, skiheisvegen – RV- 52
- vatn- og avlaupsledning Tuv/ Trøim (ferdig mellom D1 og Bruhaug), resten planleggast
- Tilkomst RV-52 til parkering øya- camping/ Trøim
- Nytt vassverk Tuv
- Parkering Trøim

I ulike reguleringsplanar i « HIAS- område» er det knytt reguleringsføresegner som føreset at ovannemnde pkt. må vere i vareteke før det vert gjeve løyve etter PBL kap 20. Det er og satt ei grense på 85000 m2 BRA for heile området frå Totteskogen i aust til og med Holdeskaret/ Tinden – altså om ein bryt denne grensa skal nemnde infrastrukturtiltak vere gjennomført før bruksløyve/ ferdigattest vert gjeve. Av utbyggingsprosjekt som kan gje bidrag til HIAS, er dette for tida utvikling i Tindenområdet, utvikling i Totteskogen og areal i Fjellandsbyområdet v/ Hemsedal Eiendomsutvikling AS. Det er ei utfordring er å halde oversikt over grensa på 85 000m2 BRA.

## 10.2 Mål for tekniske tenester (Plan-, byggesak, kart- og oppmåling)

Det er eit mål å oppretthalde det servicenivået me har opparbeida oss siste åra. Dette føreset godt samarbeid med utbyggjarar, entreprenørar/ handverkarar og ikkje minst kunne halde på dei dyktige medarbeidarane etaten har i dag.

### Som arbeidsmål for 2014 er følgjande konkretisert;

- «Tilsynsstrategi» innan byggjesak, med vekt på opprydding av ulovleg skilt- og reklamebruk i kommunen. Geografisk prioritering vert sentruma i kommunen, der Trøim står først. Dette er et tidkrevjande arbeid som må tilpassast gjeldande bemanning i etaten
- Konkretisere "fareområde skred" herunder kvalitetssikre skrednett i utvalte områder, for om moglege trekke opp retningslinjer og betre dokumentasjon i høve framtidig byggjesakshandsaming
- Gjennomføre adresseringsprosjekt slik at alle med matrikeladresse innan utgangen av 2014 får tildelt vegadresse
- Oppretthalde sakshandsamingstida slik at kommunen framleis er betre enn samanliknbare kommunar/ landsnittet
- Føreseieleg politiske prioriteringar innan arealplanlegging kva gjeld kommuneplanarbeid, sakshandsaming av private reguleringsplanar, og reguleringsplanarbeid i eigen regi ved å sikre betre samhandling. Ajourført delegasjonsreglement i høve arbeid med områdeplanar.
- Det vert i hovudsak lagt til grunn 10 % (7% meir enn budsjettrundskrivet) auke på gebyrinntektene innan plan, bygg, kart/ oppmåling og forureiningsgebyr knytt til sjølvkost (følgjer utviklinga i regionen). I tillegg er gebyra justert opp innan planhandsaming, og for handsaming av dispensasjonar som gir ei samla auke på ca. kr. 250.000,-. Det er også gjort nokre presiseringar i forskrift til gebyr som gjer gebyrnivået meir korrekt i høve sjølvkost. Endringa kjem fram med utheva skrift i forskrifta.

## Pågåande planoppgåver pr. okt. 2013.

PLANTYPE	PLANNAVN/ aktivitet	HANDSAMING				Ansvar saksh.	Status 01/09-2013
		Plan & ressurs	K-plannemnd	K-styre	Møte/Synf.		
Qmr. Plan,12/00692	Delar av Trøim- sentrum, planframlegg for 1.g h	1. gang- 2.gang		Eig.kj		ELTA/ IVBE	Under arb
Omr.plan,12/01611	Ulsåk sentrum- ligger ute til off ettersyn- 2 alt.	2. gang		Eig.kj		ELTA/ IVBE	Høyringsfrist 15.9
Reg.plan,12/01154	Totteskogen- endring av gjeldende plan	1. gang- 2.gang		Eig.kj		JHA/IVBE	Varsla plan på nytt
Reg.plan,12/00426	Rudningen bustadfelt, ute til off. ettersyn	2.gang		Eig.kj		JHA	Avklaring_BOS
Reg.plan,12/00558	Høgestølen 1.g. handsaming	1. gang- 2. gang		Eig.kj		JHA	Planavklaringar
Reg.plan,ESΔ08/955	Bubakken	1. gang- 2.gang		Eig.kj		IVBE/ JHA	Venter på plan
Reg.plan,12/01261	Vipehaugen. Endring av bebyggelsesplan, eigengodkjent, klage på vedtak	-----		-----		JHA	Avvising av klage- synt. FM
Reg. plan,12/00895	Bergstølsåtta- Eigengodkjend	-----		-----		JHA	Venter... på plandok for k.gj.
Reg. plan,12/00450	Hemsedal Golf Alpin F8 og F11	2 gang		Eig.kj		JHA	Lagt ut hgf. 16.10
Reg.plan,12/02015	G/S-veg Trøim – Holde bru	S.vy legg ut -2 ga		Eig.kj		IVBE	Plan under utarb.
Reg.plan,12/03034	Planendring F1 – Holdebakken – T. Ålrust	1. gang- 2.gang		Eig.kj		JHA	Venter på plan
Reg.plan,12/02121	Planendring Storeliam. fl. - Biong arkitekter	1. gang- 2.gang		Eig.kj		JHA	Planfaglige avkl. Før 1. g.hands.
Reg.plan,12/01678	Tinden II - (Reg.endring+skitunnel)- eigengodkj.	-----		-----		IVBE/JHA	Venter på plandok. for kunnngi.
Reg.plan,12/02741	F6 – Del av Ålrust/ Eikre sameige - eigengodkjend	-----		-----		JHA	Kunnngi. Eigengodkj.
NY Reg.plan,13/00937	Trøim sør- Fiskum bustadfelt reg. endring	1. gang- 2.gang		-----		IVBE/JHA	Oppstartfase
NY Reg.plan,13/00934	F4 – Bakkestølane- detaljplan hytter	1. gang- 2.gang		Eig.kj		JHA	Oppstartfase
NY Reg.plan,13/01336	Harahorn Fjellkontor II - Reguleringsendring	1. gang- 2.gang		Eig.kj		IVBE/JHA	Oppstartfase
K-delplan,12/00098 ESA. 11/997	Markegardslie – Lykkja planframlegg mot slutfase utlegging til off. ettersyn.		Tilråd utlegg.	Utlegging		JHA / IVBE	Regionalt planformet 08.10
Regional Plan Nordfjella 12/00645	Planframlegg for off. ettersyn under arbeid - BFK			Innspill- synsp.		JHA	Venteleg off. utlegging høst 2013
Disp.sak,13/01202	Golf Alpin disp. vegtilkomst 2 hytter	Disp.vedtak				JHA	Handsaming høst 13
Disp.sak,13/01245	Bruksendring Bustad til fritid Blakkestad-Lykkja	Disp.vedtak				JHA	Handsaming høst 13
Disp.sak,13/00032	Fløgstølen Knut Flaget 4 nye tomter+ flytting1	Disp.vedtak		?		IVBE	Handsaming høst 13

Rådmannen rår til at kommunestyret starter arbeidet med ei endring av kommuneplanens samfunnsdel i høve området utbyggingspolitikk. Arbeidet skal spesielt ta utgangspunkt i sluttrapport «Arealpolitikk for varme og kalde senger på reisemål». Arbeidet med samfunnsdelen avklarar om ein finn det ønskjeleg å endre kommuneplanen sin arealdel, og eventuelt tilpasse kommuneplanen si arealdel i form av ei omsynssone det det vert sett krav til felles utbyggingsavtale og rekkjefølgjekrav for området Trøym sentrum/ Fiskum og Røggjelia. Arbeidet bør kunne gjennomførast i 2014, slik at ein har klarare retningslinjer for korleis ein skal styre «varmsengspolitikken» i åra som kjem.

### 10.3 Mål for Miljø

Arbeid med miljø er eit stor forvaltningsområde som kan vere vanskeleg å avgrense. Rådmann vil likevel peike på følgjande målområder for 2014.

- Miljøfyrtårngodkjenning av 3 nye private verksemder
- Gjennomføre eit regionalt forprosjekt der mål er å få på plass eit regionalt samarbeid innan forvaltning av vatn- og avlaupsspørsmål i spreidd busette områder. Eit langsiktig mål er å sikre kompetanse, fagmiljø og ressursar i høve kommunen sine forvaltningsoppgåver. Det bør på sikt øyremerkast noko auka driftsramme som ledd i å sikre prosjektstart
- Få på plass ein regional forvaltningsplan for vatn jfr. EU- rammedirektiv
- Prosessarbeid for etablering av gangbruer som nærmiljøtiltak Trøim sentrum – etablere bru frå område Vertikal til Øya, eigd av Jegeir Trøim og Ola Magne Kirkebøen. Finansiering må gjennomførast som eit spleiselag mellom næringsaktørar, statlege tilskot og eventuelle kommunale tilskot.
- Få på plass ein «Klimarådgevar for Valdres/ Hallingdal», jfr. tiltak i vedteke Energi- og Klimaplan – årleg kr. 14.000,- finansiert frå ENØK- fondet. Ein klimarådgevar vil bidra til at dei tiltaka Energi- og Klimaplanen har prioritert vert følgt opp.

- "Ta vare på Hemsedal" – felles pott til adhoc miljøtiltak (Borttauing av bilvrak, campingvogn, støtte miljø i samband med auka fokus på estetikk) jfr, F-sak 16/08. Finansierast over næringsfondet.
- Kommunal tømmeordning og oppfølging av avvik på avløpsanlegg. Alle avløpsanlegg/tankar skal tømmast uavhengig av frekvens i 2014, det vil seie at me får ein fullstendig oversikt over dei avvik som er utbedra og dei ikkje er følgt opp. Pålegg må rettast til dei som ikke har utbedra feil og manglar.

## 10.4 Mål for landbruk, utmark og næring

Ei positiv utviklinga i landbruket er avhengig av ein til ei kvar tid gjeldande statleg landbrukspolitikk, noko som også påverkar reiselivet sidan denne næringa er avhengig av eit attraktivt kultur- og naturlandskap, beitande dyr og godt skjøtta eigedommar i si marknadsføring og opplevingstilbod.

Gjennom aktiv forvaltning, og næringsdrift forvaltar etaten årleg statlege produksjons- og kulturlandskapsmidlar på drøye kr. 22 mill. Det er avgjerande at landbrukskontoret opprettheld den service- og kompetanse kontoret har i dag. Som konkrete målområder for 2014 har rådmann satt følgjande aktiviteter;

- Ferdigstille "Temaplan for beite og kulturlandskap"
- Ajourføre «landbruksplan», som del av Strategisk Næringsplan
- Spesielt følgje opp yngre gardbrukarar, både før og i samband med generasjonsskifte kva gjeld investeringsstønad og fagmiljø i samarbeid med fagorg. i landbruket
- Sekretærbistand og finansiell bidragsyter for utvikling av ski- og løypeprodukt gjennom Hemsedal Utmarksservice. Ny sti- og løypeplan vil syne behov for nye tiltak/ vedlikehald, og det vil vere naturleg å auke tilskot til Hemsedal Utmarksservice noko for å kompensere for prisstigning og nødvendige nye tiltak til fremje for ferdsel. Rådmannen foreslår ei auke på kr. 50.000,- og at dette vert finansiert over drift sidan arbeidet er rein driftsstønad

Innan anna næringsarbeid skal ein spesielt følgje opp følgjande tiltak;

- Ferdigstille Strategisk Næringsplan
- Etablering av møteplassar mellom næringsliv, samfunn og kommune i form av frukostmøter, hytteeigarmøter og oppfølging av nyetablerarar
- Følgje opp vertskapsavtale med Hemsedal Turisttrafikklag
- Gjennomført utviklingsprosjekt i samarbeid med Nærings- og Handelsdepartementet retta mot sesongarbeidarar som lekk i å utvikle heilårs arbeidsplassar
- Bistå til ei vidare utvikling av Hemsedal Veksthus slik at senteret kan utvikle seg til å bli eit attraktivt vekstsentrum for kunnskapsbaserte næringar. Kommunen skal tilby møterom og leigde kontorar retta mot nyetablerte verksemder (1-5 år etter etablering)
- Sterkare profilering av Svøo Næringspark som attraktivt næringsområde slik at areala vert selt og vidareutvikla
- Som eigar av Båstø gard ta aktivt del i utvikling av hytteområdet Strupa Hyttefelt

## 10.5 Mål teknisk drift (veg, vatn, renovasjon og slam)

Dersom eit moderne samfunn skal fungere tilfredstillande og utvikle seg i ynskja retning må visse grunnpilarar vere på plass. Dette gjeld til dømes tilgang på reint vatn, tilgang på brannvatn, sikker handtering og behandling av avløpsvatn for ivaretaking av helse og miljø, sikker handtering av avfall og eit godt utbygd og vedlikehalde vegnett. Sidan samfunnet er så avhengige av desse faktorane for å fungere vert dei ofte omtala som «**samfunnskritisk infrastruktur**».

For perioden 2014-2017 har avdelinga fylgjande målsetingar:

1. Leverer nok, godt og sikkert vatn
  - 100 % av vassverkets abonnentar skal ha hygienisk sikkert drikkevann
  - Halde lekkasjenivået stabilt på mellom 23-25 %
  - Uvarsla avbrot i vassforsyninga skal ikkje overstige 500 kundetimer
  - Rehabiliterer minst 500 meter vatn- og avløpsleidning
2. Overhalde samlege myndighetskrav gitt i utsleppsløyve for Trøim og Ulsåkk reinseanlegg
3. Redusere innlekking av framandvatn på avløpsnettet med 3 %
4. Arbeide for økt trafikktryggleik gjennom å:
  - Oppretthalde dagens standard på kommunale vegar og på utvalde strekningar, i samsvar med investeringsbudsjett, og betre standarden
  - Utføre tiltak i samsvar med gjeldane trafikktryggleiksplan
  - Syte for og oppretthalde vintervedlikehaldet på dagens nivå
5. Yte god service til innbyggere og brukere:
  - Maksimal sakshandsamingstid på 3 veker i kurante saker

For å nå måla er det satt opp fylgjande satsingsområder:

TILTAK	2014	2015	2016	2017
Systematisk arbeid med internkontroll for vassforsyning og avløpshandtering herunder kjemikaliehandtering				
Optimalisere drifta av Trøim reinseanlegg mht. kortsiktige og langsiktige tiltak				
Utarbeide/oppdatere rehabiliteringsplan for leidningsnett VA og iverksette strakstiltak i samsvar med planen				
Revidere hovudplan for vatn og avløp i samsvar med gjeldane planstrategi				
Kartlegge og oppdatere digitalt leidningskartverk				
Systematisk kartlegging, analyser og kontroll av abonnementsregister/gebyrgrunnlag				
Revidere interne arbeidsrutinar mht. sakshandsaming innanfor tenestene vatn, avløp, renovasjon og slam				
Utarbeide meir og betre informasjon til brukarar av dei ulike teneste.				
Utarbeide vedlikehaldsplan for kommunale vegar				
Gjennomføre vedlikehald på bruer				
Utarbeide/revidere plan for utbygging av ny hovudvasskjelde og ledningsnett				

### 10.5.1 Utvalde KOSTRA- tal for 2012

Tabellane under syner utvalde nøkkeltal frå tenestene vatn, avløp, renovasjon og kommunale vegar. Som det framkjem er det relativt store forskjellar mellom kommunane. Dette skuldast ein rekkje faktorar som til dømes organisering, utbyggingstakt, demografi, turisme og ikkje minst kvaliteten på dei tala som vert rapportert inn.

Ein skal difor vere forsiktig med å ukritisk samanlikne ulike kommunar på denne måten. Tala gir likevel ein

viss peikepinn på kor Hemsedal kommune ligg i høve dei andre kommunane i utvalet.

### Kommunale vegar 2012

	Hemsedal	Flå	Nes (Busk.)	Gol	Ål	Hol
Netto driftsutgifter i kr pr. innbygger, komm. veier og gater	1 332	1 315	1 070	1 202	1 945	3 335
Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	98 767	72 684	49 676	127 523	115 762	279 887
Kostn. i kr til gatebelysn. pr. km komm. vei	12 385	22 750	8 261	8 077	19 750	5 600
Kostnader i kr til gatebelysn. pr. lyspunkt, kommunal vei og gate	323	1 857	307	282	811	488
Kostn. i kr til gatebelysn. pr. lyspunkt langs fylke s-/riksvei som kommunen bet	360	2 067	375	286	2 676	493
Andel kommunale veier og gater med fartsgrense 40 km/t eller lavere	40	0	23	43	1	55
Andel kommunale veier og gater uten fast dekke	13	-	50	23	40	6

### Renovasjon 2012

	Flå	Nes (Busk.)	Gol	Hemsedal	Ål	Hol
Avfall - direkte driftsutgifter (kr x 1000)	1774	4334	5039	3783	4751	6819
Avfall - henførbare indirekte driftsutgifter (kr x 1000)	64	10	35	148	218	224
Avfall - gebyrgrunnlaget (kr x 1000)	1836	4344	5085	3918	5051	7043
Avfall - gebyrinntekter (kr x 1000)	1643	3998	4439	3666	4304	5933
Avfall - kjøp som inngår i egenprod (kr x 1000)	72	21	183	205	85	53
Avfall - lønnsutgifter (kr x 1000)	130	135	257	319	0	0
